



SULA KOMMUNE

BUDSJETT 2019-2022

VEDTATT



INNHOLD

1.	Innleiande kommentar	side 4
2.	Økonomisk situasjon	side 13
3.	Kultur og oppvekst	side 23
4.	Helse og sosial	side 41
5.	Teknisk	side 61
6.	Økonomiplan 2019 – 2022, Drift	side 72
7.	Økonomiplan 2019 – 2022, Investeringar	side 77
8.	Obligatoriske tabellar:	
	Økonomisk oversikt drift	side 83
	Økonomisk oversikt investering	side 84
	Budsjettrapport 1A og 1B driftsbudsjett	side 85
	Budsjettrapport 2A og 2B investeringsbudsjett	side 86
9.	Budsjett driftseiningane	side 87
10.	Tiltak som ikkje er innarbeidd	side 98
11.	Vedtak	side 103

1. Innleiane kommentarar


Økonomiplanen er kommunen sitt langtidsbudsjett, og skal gi eit realistisk bilet av inntekter og utgifter for dei komande fire åra. God økonomistyring og økonomisk handlefridom er nødvendig for gode kommunale tenester og god utvikling av Sulasamfunnet.

Vedtatt økonomiplan i fjar – for perioden 2018-2021 – blei saldert ved å bruke 18,4 million kroner av disposisjonsfondet i budsjettet for 2018. No ser det ut til at resultatet for 2018 blir vel 9 mill. kroner bedre enn forventa, og vi bruker derfor ein del mindre av disposisjonsfondet i 2018 – slik det ser ut medio november 2018.

Rådmannen sitt framlegg til budsjett er basert på regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2019. Vedtatt økonomiplan i fjar avvik for Sula sin del i relativt liten grad frå dei føresetnadane som ligg i framlegget til statsbudsjett. Veksten som ligg inne i frie inntekter går i stor grad med på å dekke endringar i demografi og pensjon. Regjeringa foreslår nokre endringar i eigedomsskatten, samt at kommunane må betale noko meir for ressurskrevjande brukarar. Det er i tillegg lagt inn forventa effektivisering på 0,5%.

Kommunestyret sette ned ei politisk arbeidsgruppe for å vurdere reduksjon i driftsutgifter. I 2017 fekk vi utarbeidd ein analyse av ressursbruken i Sula kommune. Den viser at Sula er mellom dei 15-20 kommunane i landet som generelt driv aller rimelegast.

Figuren under viser kommunen sin ressursbruk – samanlikna med nokre av nabokommunane - når vi korrigerer for forskjeller i utgiftsbehov (KOSTRA 2017):



Figuren viser at Sula kommune gjennomgåande – korrigert for berekna utgiftsbehov - bruker mindre ressursar på dei fleste tenesteområda samanlikna med landsgjennomsnitt og samanlikna med nabokommunane.

Analysen peikte likevel på enkelte område vi burde sjå nærmare på, og som følgje av dette engasjerte vi i 2018 Agenda Kaupang for å gjere djupare analyse av pleie og omsorg. Analysen til Agenda Kaupang har identifisert nokre område som vi no arbeider vidare med, for å ha ei teneste som er så god og rimeleg som mulig framover. Agenda Kaupang peika særleg på at det er viktig å lykkast i Bu- og aktivitetstenesta – ei eining som er i vekst og nærmar seg 80 årsverk. Det er lagt inn ei stilling som rådgjevar for å styrke og avlaste leiingsfunksjonen i eininga.

Sula kommune må sjå på strukturelle forhold i pleie- og omsorgstenestene. Dette er nødvendig for å løye utforsdringane i dag best mulig, men minst like viktig for å vere best mulig budd på dei framtidige utfordringane som føljer av dei demografiske endringane i åra framover. Konkret vert det foreslått midlar til nye og meir tenlege boligar for personar med spesielle utfordringar, noko som også Agenda Kaupang peika på.

Etter rådmannen si meining er det i utgangspunktet ikkje rom for nye tiltak i økonomiplanperioden. Det er berre heilt nødvendige auke i kostnader som er innarbeidd. Vi må ha fokus på forbedringsarbeid (LEAN-metodikk) og digitalisering i tida framover, både for å modernisere kommunale tenester, og også for å ta ut kostnadssparande effektar av ny teknologi. Dette er synleggjort og konkretisert i budsjettet.

I 2018 har vi opplevd reduserte kostnader i barnevernet. Dette er ei svært positiv utvikling, som vi legg opp til skal fortsette inn i 2019. For å understøtte denne utviklinga, er det mellom anna foreslått å styrke tidleg innsats og det førebyggande arbeidet i heim, barnehage og skule.

Det har dei par siste åra pågått ein prosess med å utabeide sentrumsplan for Langevåg. Dette arbeidet skal i 2019 munne ut i ein vedtatt områdeplan for Langevåg sentrum. Kommunen må bidra til ei god sentrumsutvikling framover. I økonomiplanen foreslår rådmannen å ta høgde for dette også ressursmessig.

Når det gjeld nye investeringar, er det nye Rørstadmarka skule som særleg slår inn i økonomien i løpet av økonomiplanperioden.

Strategisamarbeidet i eKommune Sunnmøre er sagt opp med verknad frå 1.1. 2019. Digitalisering og IKT strategiarbeid blir uansett enda viktigare i tida som kjem. Dels som ei følgje av dette, har rådmannen lagt inn forslag om ei ny IKT-stilling, som skal ta eit heilskapleg ansvar for oppfølging av IKT drift og utvikling i Sula kommune. Denne stillinga skal dels finansierast ved innsparte midlar, og også medverke til effektiviseringsgevinstar som følgje av digitalisering.

IKT-investeringar er lagt inn med kroner 3 mill. årleg i økonomiplanperioden.

Budsjettforslaget vert saldert ved følgjande disposisjonar og føresetnader:

- ✓ innføring av eigedomsskatt: ein promille i 2019, to promille 2020-2022

- ✓ bruk av omlag 63 million kroner frå disposisjonsfond i løpet av fireårsperioden.
- ✓ ved å legge til grunn ei årleg auke i frie inntekter på 0,5 prosent som følge av forventa folketalsauke i Sula.

Både skatt og folkevekst er usikre tal.

I tråd med ny kommunelov, har rådmannen i år skissert tre handlingsreglar/finansielle mål for Sula kommune. Dette er mål for netto driftsresultat, for disposisjonsfond, og for netto lånegjeld. Desse indikatorane/måla synleggjer viktige sider ved det økonomiske handlingsrommet for Sula kommune.

I kapittel 2 gir rådmannen eit oversyn over den økonomiske situasjonen for Sula kommune, samt forslag til statsbudsjett for 2019 frå regjeringa. Sjølv om den endelige behandlinga av statsbudsjettet ikkje er ferdig i Stortinget, ventar vi ingen vesentlege endringar.

Kommunen har klart å få gode driftsresultat siste åra. Dette gjer at Sula kommune har om lag 76 million kroner på disposisjonsfond ved inngangen til budsjettåret 2019.

Fire forhold pregar elles den økonomiske situasjonen i Sula kommune:


- ✓ lave frie inntekter samanlikna med andre kommunar
- ✓ lave kostnader på så godt som alle tenesteområda ift behov og samanlikningskommunar
- ✓ bruk av disposisjonsfond for å saldere budsjetta i økonomiplanperioden
- ✓ høg og aukande gjeld gir auka utgifter til renter og avdrag

Sula kommune har like fullt makta å ha god kontroll, handlefridom og økonomisk styring. Dette skuldast fleire faktorar. God budsjettdisiplin i einingane er kanskje den aller viktigaste enkeltfaktoren.

Figuren under viser endring i utgiftsbehov i Sula som følgje av den venta demografiske utviklinga i åra framover.

Endret utgiftsbehov demografi - kommunen - 2018 - 2028

(målt ved inngangen til det enkelte år)



Figuren viser at barnehageutgiftene kan forventast å gå ned utover i økonomiplanperioden. Utgiftbehovet for grunnskule stig fram mot ei stabilisering i 2022. Utgiftbehovet i pleie og omsorg tar for alvor til å stige frå 2023.

Desse prognosane må vi planmessig førebu oss på når vi utvikler tenestene og investerer for framtida.

Folketalsutvikling


I Møre og Romsdal er Ålesundsregionen den sterkeste vekstregionen. Særleg har folkeveksten vore sterkt i Giske, Ålesund, Skodje – og Sula.

Den historiske folketalsutviklinga i Sula viser at veksten varierer ganske sterkt frå år til år – sjølv om den langsiktige trenden har vore jamm vekst. Den sterke folketalsveksten som Sula har hatt dei siste åra, hadde ein topp i 2014 (3%). Folketalet i Sula var 9156 innbyggjarar ved utgangen av første kvartal 2018.

Prognosane dei neste ti åra viser ein folkevekst på om lag ein prosent årleg:

Utvikling i folketall per 1.1

(2018 = 100, SSB MMMM-alternativet / kommunens egen fremskriving)




Sula har over tid hatt sterkt folkevekst. Dette er grunnleggande positivt, men det fører samtidig til stort behov for kommunale tenester – og medfølgende utgifter for å finansiere desse tenestene. Særleg har dette dei siste åra gitt seg uttrykk i oppvektsektoren.

I åra frå 2010 til 2015 har Sula hatt sterkt vekst i dei yngste aldersgruppene, og dermed sterkt aukande barnetal i skular og barnehage. Gjennom strukturendring og utbygging på barnehageområdet dei siste åra, har Sula kommune lykkast med å effektivisere drifta og innfri barnehageretten. Etter prognosane vil veksten i desse aldersgruppene flate ut i økonomiplanperioden. Ny Rørstadmarka skule vil gi eit kvalitativt godt skuletilbod på midtre delen av Sula, og også legge grunnlag for meir effektiv drift i skulesektoren. Sjå meir i kapittelet om kultur og oppvekst.

Den første eldrebølga (alder 80+) slo inn over Sula i perioden 1999-2014. Sula satsa bevisst og sterkt på heimebasert omsorg. I åra framover aukar talet på eldre svært sterkt:

Utvikling folketall 0-5 år, 6-16 år og 67 år + i kommunen per 1.1

(2018 = 0, SSB MMMM-alternativet / kommunens egen fremskriving)



Sjå nærmere om dette i kapittelet om helse og omsorg.

Gjeld

Sjølv om Sula kommune i alle år har vore svært varsom med å ta opp ny gjeld, og berre gjort nøkterne investeringar i nødvendig infrastruktur, har lånegjelda auka jamt og trutt, og gjelda begynner no for alvor å tynge.


Lånegjelda har auka kraftig dei siste åra, særleg som følgje av nye skular i Solevåg og i Langevåg, ny barnehage i Langevåg samt nytt bukollektiv for personar med demens.

I økonomiplanperioden er det særleg ny skule på Rørstadmarka som slår inn i økonomien. I tillegg held vi fram med allereie budsjetterte investeringar knytta til gjennomføring av kommunedelplanen for avløp.

Lånegjelda har auka frå 542 million kroner i 2012 til ein milliard kroner i 2018. I rådmannen sitt forslag til økonomiplan vil lånegjelda auke til 1,2 milliard kroner i siste del av økonomiplanperioden. Det er imidlertid verdt å merke seg at mykje av denne auken er lån knytt til sjølkost, jf. m.a. kommunedelplanen for avløp.


Etterfølgjande figur viser utviklinga i lånegjeld:

Låneutvikling



Auka lånegjeld kjem også til uttrykk når vi ser på lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter (2017):

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Sula har hatt kraftig auke i lånegjeld som andel av brutto driftsinntekter dei siste tre åra: I 2012 var talet 94,2%, i 2015 104,7% og i 2017 117,4%. Sula ligg klart over gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 7, gjennomsnittet i Møre og Romsdal, landsgjennomsnittet, og nabokommunen Ålesund. Giske kommune ligg imidlertid langt over Sula kommune.

Lånegjelda pr. innbyggjar i Sula er kr. 87433 i 2017.

Sjølv om mykje av auken i gjeld er lån knytt til sjølkost og rentekompensasjon, bør Sula kommune vere varsom med nye tunge investeringar.

Inntekter

Inntektene til kommunen er i stor grad sentralt gitt gjennom inntektssystem og overføringer fra staten. Avgifter og eigedomsskatt er område som kommunen sjølv kan ta i bruk. Avgiftene er imidlertid i stor grad knytta opp mot sjølkostområdet. Rammene for eigedomsskatt er også sentralt styrt.

Omlegginga av inntektssystemet i 2017 (knytta til kommunereforma) svekkar inntektssida i Sula. I 2019 vil vi få kr. 4000.000 i skjønnsmidler frå fylkesmannen. Fylkesmannen sine skjønnsmidlar går i aukande grad til dei nye samanslåtte kommunane.

Inntektssida er gjort nærmare greie for i kapittel 2.

Vedlikehald og investeringar i bygg og anlegg

Sula kommune eig og forvaltar ei stor bygningsmasse, og mange kommunale anlegg og vegar.

Det er foreslått samleløyving til vegar på årleg kroner 2,6 million i økonomiplanperioden.

Vi har allereie gjennomført store investeringar i teknisk infrastruktur for vatn og avløp. I økonomiplanperioden er det foreslått ytterlegare til saman 150 million kroner til investeringar i vassforsyning og avløp. Dei store investeringane i vatn og avløp dei siste åra gir høgare kommunale avgifter i økonomiplanperioden.

Det pågår samarbeid med Ålesund kommune om utgreiing av nytt felles renseanlegg. Reguleringsarbeid og vidare utgreingar skjer inn i 2019. Det er usikkert om renseanlegget vert ferdig i økonomiplan perioden

Ny Rørstadmarka skule og IKT-investeringar er gjort kort greie for tidlegare.

Av andre viktige investeringstiltak med foreslått løying i 2019 kan nemnast:

- ✓ Rammeløyving mindre investering bygg med kroner 1,5 million.
- ✓ Ombygging Sulatunet med kroner 3 million.

I tillegg er det sett av prosjekteringsmidlar i 2019 til bustader for funksjonshemma og til nytt kyrkjelydssenter.

Resultatframskriving i økonomiplanperioden

I økonomiplanen er det budsjettert med negative driftsresultat. Dette er ikkje ønskeleg, og Sula kommune må i åra framover redusere kostnader for å få ein berekraftig økonomi.

For å saldere budsjett og økonomiplan foreslår rådmannen å innføre eigedomsskatt i Sula kommune – i tråd med vedtatt økonomiplan i fjar. Dette er isolert sett ikkje ønskeleg, men behova for å ha gode kommunale tenester – og investere for framtida i Sula - er etter rådmannen si oppfatning så sterke at dette er nødvendig. Sjølv med innføring av eigedomsskatt – etter lave satsar ein/to promille – blir økonomiplanen saldert ved å bruke 62,9 million kroner av oppsparte disposisjonsfond. Dette betyr at alt utviklingsarbeid i Sula i tida framover må rettast inn på å organisere og investere for effektiv drift med god kvalitet.

Oppsummering

Sula har lave totale inntekter samanlikna med landsgjennomsnittet. Utgiftene er også lave i forhold til store og aukande behov i tenestene. Sula kommune har over tid hatt sterk vekst i aldersgruppa 0-15 år. Dette har ført til behov for nye barnehageplassar og fleire skuleklasser. No ser vi at presset på barnehageplassar er avtakande, og dei store barnetala fører til press på kapasiteten i skulane.

Det aukande talet på eldre i perioden 1999-2015 har ført til auka press på heimetenestene og behov for omsorgsbustader og heildøgns omsorgsplassar. Opninga av dei nye demensbustadane i Molværsvegen 17 fekk sitt første heile driftsår i 2018.

Aukande låneopptak over tid, fører til press på økonomien i Sula kommune. Rådmannen sitt forslag til økonomiplan er saldert ved å bruke om lag 62,9 million kroner av opparbeidde disposisjonsfond.


I dei påfølgjande kapitla ser vi først nærmare på den økonomiske situasjonen i kapittel 2. Så blir kultur og oppvekst, helse og sosial og teknisk område nærmare omtalt i eigne kapittel.

2. Økonomisk situasjon

Utviklingstrekk

I 2017 hadde Sula kommune eit positivt nettodriftsresultat på 1,3 %, 8,3 mill. kroner. Nettodriftsresultat er dei midlane ein har til avsetning og eigenfinansiering av investeringar. Det ideelle er eit netto driftsresultat på minst 1,75 % av bruttoinntekter.

RESULTATUTVIKLING:



Både brutto og netto driftsresultat i 2017 er lågare enn i både 2015 og 2016. Netto driftsresultatet varierer sterkt, og tap/inntekter på finansielle instrument og kompensert mva på investeringar (før 2015) er av dei faktorane som har varierer mest.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Renteinntekter og finansielleinstr.	-11505	-14077	-11640	-6453	-7086	-9235

Sula kommune er ein vekst kommune med lage frie inntekter. Men avkastning på finansielle instrumenter, skatteinntekter over det budsjetterte og ikkje minst god budsjetttdisiplin i driftseiningane har vore med på å gi gode resultat. Dette har medført at vi har satt av midler på fond, overskotsfondet er berekna til 76,3 mill. kroner etter 2018 viss ein avsett forventa mindreforbruk på fond og totale disposisjonsford er berekna til 91,9 mill. kroner. Med store investeringar og aukande lånepoptak så vil det meste av desse midlane bli brukt i økonomiplanperioden.

Kostra nøkkeltal 2017	2017	2016	2015	2014	2013
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,9	3,3	2,2	-0,8	2,6
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,3	3,4	2,4	0,1	3,5
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	117,4	110,4	104,7	100,9	97,8
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	35,3	37	39,8	24,2	34,4
Skatt på inntekt og formue i % av brutto driftsinntekt	32,1	31,6	31,6	32	31,8
Statlig rammeoverføring i % av brutto driftsinntekter	41,6	43,3	44	44,8	43,5
Frie inntekter i kroner per innbygger	54943	54048	50992	48375	46974
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	87433	79629	70564	63611	60964

Brutto driftsresultat viser kva kommunen har igjen av inntekta når dei løpende driftsutgiftene er betalt. I 2013 vart mva kompensasjon ført via driftsrekneskapen, for 2013 var mva kompensasjonen 1,2 % av bruttodriftsinntekter. %. Tek ein omsyn til dette er 2015 og 2016 dei 2 beste åra i perioden.

Netto driftsresultat er resultatet etter netto renter- og avdrag og utbytte korrigert for avskrivninger. Interne transaksjoner som bruk og avsetning fond, føring av tidlegare års meir/mindreforbruk samt overføring til investeringsrekneskapen er ikkje med i berekninga av netto driftsresultat. I 2017 var vi ikkje innafor det anbefalte resultatet på 1,75 % av bruttoinntektene.

Arbeidskapitalen er differansen mellom omløpsmidler og kortsiktig gjeld og skal gi eit uttrykk for likviditeten til kommunen, den er fortsatt god.

Vi ser også at langsiktig gjeld aukar sterkt både i % av brutto driftsinntekter, 97,3 % i 2013 og 117,4 % i 2017, og lånegjeld i kroner pr. innbyggjar kr. 60 964 til kr. 87 433. Denne utviklinga vil halde fram i økonomiplanperioden og stadig meir av inntektene vil gå med til å betale renter og avdrag.

	2017					
	Sula	Ålesund	Giske	Gruppe 7	Møre og Romsdal	Landet u/oslo
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	0,9	5	3,8	2,5	3,1	3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	1,3	5,1	2,3	2,7	3,3	3,7
Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	12,3	0,8	0,5	12,5	6,5	9,9
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	35,3	19	31,5	24,1	21,8	21,7
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	117,3	96,5	147,4	93,3	103,1	84,5
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	236,2	232,8	274,3	214,1	240,1	215,8
- herav Pensjonsforpliktelse i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	107,4	107	106,7	104,2	121,3	113,9
Skatt på inntekt og formue i % av brutto driftsinntekter, konsern	32,1	35,5	34	35,6	29,9	33,2
Statlig rammeoverføring i % av brutto driftsinntekter, konsern	41,6	25,8	36,1	33,7	32,3	30,5
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	55 753	50 278	53 475	52 129	58 931	57 146
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	54 943	49 576	52 468	50 737	54 258	50 737
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	87 433	78 040	110 300	68 302	89 961	71 107
Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger, konsern	80 056	86 532	79 863	76 309	105 873	95 768
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	3 893	1 839	4 148	4 329	4 550	4 585

Sula kommune tilhørar gruppe 7 som er mellomstore kommunar med lave bundne kostnader pr. innbyggjar, og lave frie disponibele inntekter.

Lånegjelda aukar sterkt i Sula kommune, måler ein det i % av bruttodriftsinntekter er det berre Giske av samanlikningsgrunnlaget som har høgre gjeld. Målt i netto lånegjeld pr. innbyggjar så har vi hatt ein sterk auke, men er fortsatt under gjennomsnittet i Møre og Romsdal.

Sula kommune har meir i dispositionsfond enn samanlikningsgrunnlaget.

Kommunesektoren i statsbudsjettet for 2019

Statsbudsjettet legg opp til ein vekst i primærkommunane sine frie inntekter på 2,6 mrd. Gjennomsnittleg løns- og prisstigning vert anslått til 2,8 % neste år og lønsvekstanslaget er på 3,25 %.

Vekst i kommunenesektoren i mrd. Kroner	
Frie inntekter	2,60
Demografi	-1,60
Pensjon	-0,50
Opptrapningsplan rus	-0,20
Tidleg innsats i skule	-0,20
Opptrapningsplan habilitering og rehabilitering	-0,10
Handlingsrom	-
Forventa effektivisering 0,5 %	1,00

Veksten i frie inntekter i 2019 tek utgangspunkt i kva inntektsnivået ville ha vore utan auka skattevekst i 2018. Den faktiske realveksten i frie inntekter frå 2018 - 2019 er anslått til 0 %.

Det er i berekningane ikkje tatt høgde for:

- At det mangler 400 millioner til bemanningsnorm og skjerpet pedagognorm i barnehagane
- At kutt i toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande brukarar vil auke netto utgiftane med om lag 300 mill. kroner.
- Ei forventning om auka rentenivå på om lag 700 mill. kroner.

Sula kommune sine frie inntekter.

KRD nyttar folketal pr. 01.01.2018 til berekning av inntektsutjamninga, og 01.07.2018 for utgiftsutjamning. Folketalet pr. 01.01.2019 skal til slutt brukast til berekning av inntektsutjamning.

Tabellen under vi ser berekna frie inntekter for Sula kommune i statsbudsjettet.

	Forslag 2019	Vedtatt Bud. 2018	Prognose 2018
Rammetilskot eksl. Inntektsutjamning	264 839	249 417	249 706
Skjønnsmidler omlegging inntektssystem	400	760	760
Sum rammetilskot eksl. Inntektsutjamning	265 239	250 177	250 466
Skatteinntekter + inntektsutjevning	265 261	260 024	260 685
Sum frie inntekter	530 500	510 201	511 151

- ✓ Kommunaldeflator er 2,8 %, oppgåve korrigert vekst i frie inntekter er på 3,7 % dvs. ein realvekst på 0,9 % om ein ikkje tek omsyn til føringane i rammetilskotet.
- ✓ Skjønn fordelt av fylkesmannen vert endra kvart år. I 2019 vil vi få kr. 400.000, kr. 300.000 er gitt på bakgrunn av kostnadane i barnevernet, kr. 100.000 er gitt på generelt grunnlag.
- ✓ Mykje av veksten i frieinntekter er frå rammetilskotet, dette er positivt då det ikkje er så usikker inntekt som skatt.
- ✓ Løyvinga til fleire lærarårsverk vert vidareført med 1,468 mrd. Kroner. 1 milliard vil bli fordelt etter grunnskule nøkkelen, dei resterande midlane vert fordelt til dei kommunane som treng fleire lærarårsverk enn det som vert dekt av den løyvde milliarden. I 2018 fekk Sula kommune berre av den løyvinga som var fordelt etter grunnskule nøkkelen, forventa tilskot er difor på kr. 1.977.000 denne løyvinga er ikkje med i budsjettforslaget, den kjem i tillegg.

I rammetilskotet er det lagt inn forventninger om nye oppgåver eller endring i eksisterande oppgåver for kommunane. Tabellane nedanfor gir ein oversikt over dei største tiltaka (oppgåvekorrigeringar) og dei statlige satsingane.

Innlemmingar:	i 1000 kr.
Bustadsosialt kompetansetilskot	15 175
Tilskot til bustadsosialt arbeid	8 658
Korreksjonar:	
Auka inntektsgrense for gratis kjernetid i barnehage frå 1. august 2018, heilårsverknad	45 841
Gratis kjernetid i barnehage, 2 åringar, frå 1. august 2019	44 490
Auka foreldrebetaling i barnehage med 110 kr/mnd. frå 1. januar 2018, heilårsverknad	-21 304
Auka foreldrebetaling i barnehage med 50 kr/mnd. frå 1. august 2019	-64 008
Kommunal betalingsplikt for utskrivningsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengnad	179 961
Takstoppgjeret for allmennlegar i 2018, heilårsveknad	97 276
Statlege og private skular, auke i elevtal	-100 439
Sum endringar, fordelt etter kostnadsnøkkelen	205 645

Av korreksjonane og innlemmingane har vi lagt inn Sula kommune sin andel av kommunalbetalingsplikt på utskrivningsklare pasienter i psykisk helsevern kr. 309.000. Dette er eit ledd i samhandlingsreforma og trer i kraft frå nyttår.

Satsingar innanfor veksten i dei frie inntektene	Sula sin andel
200 mill. kroner med opptrapplingsplanen på rusfeltet	221 000
200 mill. kroner grunna i satsinga på tidleg innsats i barnehage og skole	395 000
100 mill. kroner med opptrapplingsplanen på habilitering og rehabilitering	172 000

Innlemma i rammetilskotet med særskilt fordeling	2019	2018
Helsestasjon og skulehelseteneste	1 798	1 697
Deltidsbrann personell		-
Frivilligsentraler, innlemming av tilskudd tidligere gitt av kulturdep.	414	403
Sum	2 212	2 100

Frie inntekter i økonomiplanen:

	2019	2020	2021	2022
Rammetilskot eksl. Inntektsutjamning	265 239	265 239	265 239	265 239
Sum rammetilskot eksl. Inntektsutjamning	265 239	265 239	265 239	265 239
Skatteinntekter + inntektsutjevning	265 261	265 261	265 261	265 261
Sum frie inntekter	530 500	530 500	530 500	530 500

Inkludert i rammetilskotet	2019	2020	2021	2022
Skjønn fordelt av fylkesmannen	400	400	400	400


Vi har oppjustert dei frie inntektene slik:	2019	2020	2021	2022
0,5 % årleg auke pga befolkningsvekst		2 648	5 296	7 945

Skjønnsmidlane er tatt med vidare sjølv om dei er svært usikre.

Skattenivået er likt berekningane til KS og departementet sine berekningar. Berekna skattevekst er alltid usikre tal.

Vi har budsjettert med ei årleg auke i frie inntekter på 0,5 %, dette er ikkje urealistisk utifrå forventa demografiske endringar, men vi må også ta høgde for at kostnadane vil auke slik at dette eigentlege medfører ei skjult innsparing. Dei demografiske endringane vil medføre at vi kanskje må auke drifta innanfor enkelte områder og omprioritere for eksempel frå barnehage til undervisning.

Diagrammet under frå KS viser korleis utgiftsbehovet kan endre seg når ein bruker SSB sitt MMMM alternativ, og teknisk beregningsutval (TBU) sin metodikk og forutsetninger.



Eigedomsskatt

Det er lagt inn eigedomsskatt på boliger frå 2019 og verk og bruk frå 2020. Eigedomskatten starter på høgste lovlege i 2019 som er 1 promille og auker til 2 promille i 2020. Det er i årets statsbudsjett foreslått at maksimal satsen vert redusert frå 7 til 5 promille. Det er også foreslått at alle må bruke statleg taksering av boligeiendommer og at reduksjonsfaktorern auker frå 20 prosent til 30 prosent.

Foresetnader i framlegg til budsjett og økonomiplan 2019 – 2022

Lønns- og prisføresetnad	2 019	2020	2 021	2022
Kommunaldeflator	2,8	0	0	0

Vi har brukt 2,8 % som pris- og lønsforutsetning i 2019. Den kommunale deflator i statsbudsjettet for 2019 er 2,8 %, lønsauke 3,25 % og andre utgifter 2,07 %. Vi har ikkje prisjustert inntekter og utgifter for 2020 -2022, men indeksjustert renter og avdrag.

Forventa lønsauke i 2019 og resultatet av dei lokale forhandlingane for 2018 med til saman 10,1 mill. kroner er budsjettet som «til disposisjon» og vil bli fordelt på sektorane.

Regulering av betalingssatsane kjem opp som eigne saker, med unntak av husleiger som er regulert i forhold til konsumprisindeksen, dette er delegert til administrasjonen.

Pensjonsutgifter

Utgifter til KLP (kommunal pensjonskasse) og SPK (statens pensjonskasse) er ført med høvesvis 18 % og 12,6 % (+2 % frå arbeidstakarane).

Pensjonspremien er det beløpet vi skal betale til pensjonskassa, og endeleg betaling kan avvike frå dei foreløpige berekningane dersom lønsutvikling, pensjonsutvikling, avkastning og talet på tilsette avvik sterkt frå det estimerte. Pensjonspremien med frådrag av arbeidstakarane sine 2 % er fordelt på dei ulike tenesteområda.

Ser ein på KLP for 2018 så er det stor forskjell mellom betalt premie i prognose frå september 2017 til september 2018. Dette skuldast høgare avkastning og lågare lønsauke enn berekna. Samstundes vert premieavviket ned justert slik at samla kostnad er omtrent uendra, endeleg berekning vil vi få i januar 2019. For SPK har samla kostnader ikkje auka, men premieavviket er redusert auka slik at netto auka kostnad er 0,3 mill. kroner.

Pensjonskostnaden vert berekna utifrå prinsipp fastlagd i ein rekneskapsstandard og skal forsøke å gi ein fornuftig og jamn fordeling av pensjonskostnadane over tid. Avviket mellom pensjonspremien og den berekna pensjonskostnaden vert kalla premieavvik og skal reverserast. Premieavviket vart fram til 2012 amortisert (nedbetalt) over 15 år, frå 2013 over 10 år og frå 2015 over 7 år. Berekna premieavvik for Sula kommune vil vere 26,1 mill. kroner pr. 31.12.2018 og 37,8 mill. kroner pr. 31.12.2019.

Renter og utbytte

Lånerenta:

Flytande renter	2 019	2020	2 021	2022
Forslag Bergen Capital management				
renter i setifikat og obl. marknaden	1,75	2,19	2,61	3,04

50 mill. kroner av låna er knytt til swap avtalar, 498,5 mill. kroner har fastrenteavtale og ytterlegare 290 mill. kroner er knytt til lån med rente og avdragskompensasjon.

Inntekter knytt til husbankrente er budsjettet med rente lik flytande rente.

Utbytte på midlar til langsiktig forvaltning og bankinnskot er budsjettet lik flytande rente, men med 1 % pluss på midlar til langsiktig forvaltning. Det er også forventningar om bruk av fond utover i økonomiplanen.

Fondsforvaltning

Pr. 31.10.18 har vi 71,7 mill. kroner til aktiv forvaltning. Det er forventa ein reduksjon i fond og likvide midlar i løpet av økonomiplanperioden.

Pkt. 8.1 i finansforvaltningsreglementet gir denne definisjonen av langsiktige finanzielle aktiva:

"Langsiktige finanzielle aktiva er aktiva som ikkje skal nyttast til drifts- eller investeringsformål i rekneskap og budsjettåret samt økonomiplanperioden. Beløp til langsiktig forvaltning vert fastsett i årsbudsjettet og eventuelt i samband med enkeltsaker."

Vi har eit kapitalfond på 67,5 mill. kroner som vil bli redusert med 1,8 mill. kroner i økonomiplanperioden, overskotsfondet vert redusert frå 75,9 mill. kroner til 12,9 mill. kroner i løpet av økonomiplanperioden. Utifrå dette så foreslår vi at beløp til aktiv forvaltning frå 1.1.2019 vert uendra, men blir det brukt meir enn foreslått må vi vurdere å redusere beløp til aktiv forvaltning.

Avdrag

Vi har for alle år budsjettert med lengste lovlege nedbetalingstid etter rekneskapsforskriftene, dvs. eit gjennomsnitt på 30 år på gamle lån. Minimums avdragstid er lik gjennomsnittleg attståande avskrivningstid på realaktiva, frå 2020 vert dette endra pga. krav i ny kommunelov, minimumsavdrag får då ein ny berekningsmåte og vi kan pårekna ein auke i avdrag dei første åra på om lag 3 mill. kroner.

Låneopptak og utvikling av samla gjeld

Investeringane i økonomiplanperioden er tilnærma 100 % lånefinansiert med unntak av mva kompensasjon og statstilskot på bustader.

Utvikling i lånegjeld 2013 - 2017

	2 013	2 014	2 015	2 016	2 017
	576 310	572 651	733 117	778 645	858 620

Forventa utvikling i lånegjeld 2018 - 2022

	2 018	2 019	2 020	2 021	2 022
IB lån til investeringar	858 620	938 823	1 002 681	1 184 285	1 217 870
Låneopptak VAR	45 079	30 000	60 000	60 000	-
Låneopptak andre investeringar	64 600	65 907	158 708	17 180	18 340
Avdrag	(29 476)	(32 049)	(37 104)	(43 595)	(45 220)
UB lån til investeringar	938 823	1 002 681	1 184 285	1 217 870	1 190 990
Gjeld pr innbyggjar, heile 1000	102 795	109 787	129 671	133 348	130 405

Låneopptak VAR samsvarer med prognose i sjølvkost kalkyla, men låneopptaket er avhengig av når ein kjem i gang med bygging av reinseanlegg.

Gjeld med inntekter knytt til husbankrente og - 5 års Nibor (VAR)

Pr. 31.12	2 018	2 019	2 020	2 021	2 022
Vatn, avløp og renovasjon	232 387	253 744	304 434	354 023	341 890
Omsorgsbustader	23 354	21 554	19 755	17 956	16 157
skulepakken	10 494	9 542	8 590	7 638	6 688
Skulepakke II	20 375	20 375	19 016	17 658	16 300
Kyrkjeloge formål	3 404	3 092	2 780	2 468	2 156
Sum	290 014	308 307	354 575	399 743	383 191

Lån utan rente- og avdragskompensasjon

	2 018	2 019	2 020	2 021	2 022
	648 809	694 374	829 710	818 127	807 799

Som ein ser av tabellane så er ein del av låneauken ein konsekvens av investeringar innan vatn og avløp. Renter og avdrag på desse investeringane skal finansierast gjennom auke i årsgebyr. Derimot vil låneopptak til ny skule på midtre gi betydelige rente og avdragsutgifter.

Avsetninger og bruk av avsetninger i økonomiplanperioden

Dispositionsfond	
Risikoreguleringsfond	12 040
	-
Diverse formålsstyrte fond:	-
Tettstad	100
KNM	100
Flyktningefond	3 739
Tilskot til maritime forhold	12
Overskotsfond pr. 31.12.2017	69 764
Overskot 2017	15 545
Budsjettert brukt i 2018	-18 427
Forventa mindreforbruk 2018	9 059
Overskotsfond pr. 31.12.2018	75 941
Forbruk i økonomiplan perioden	-63 009
Overskotsfond pr. 31.12.2022	12 932

Bunde driftsfond	
Saldo pr.31.12.2017	13941
Budsjettert brukt i 2018	-1001
Budsjettert avsett i 2018	0
Bunde driftsfond pr. 31.12.2018	12 940

Dette er fond med midlar som bunde til ulike formål og det vil bli brukt eller avsett midlar sjølv om det ikke er budsjettert slik at saldoen kan endre seg ved avslutning av rekneskap 2018.

Ubunde investeringsfond	
Avsett til eigenkapital	
Saldo pr.31.12.2017	64 927
Budsjettert brukt i 2018	-1 600
Budsjettert avsett i 2018	4 231
Budsjettert bruk i økonomiplan perioden	-6 800
Eigenkapitalfond pr. 31.12.2022	60 758
Fond salg av eigedom:	
Saldo pr.31.12.2017	2 832
Budsjettert brukt i 2018	-
Budsjettert avsett i 2018	-
Fond salg av eigedom pr. 31.12.2021	2 832

Bundne investeringsfond	
Avsett til eigenkapital	
Saldo pr.31.12.2017	1 399

Avsetningane her er innfridde startlån som skal gå til nedbetaling av husbanklån.

Likviditet

Likviditeten er god, men korrigert for fondsmidlar og unytta lånemidlar vært likviditeten svekka. Difor kan ein ikkje anbefale å bruke opp heile kapitalfondet. Av disposisjonsfondet er det budsjettert brukt 66 mill. kroner. Det er berekna at vi normalt må ha frå 33 til 37 millionar kroner for å kunne betale ut lønn, skatt og sosiale utgifter, ved utbetaling av reguleringspremie til pensjonskassene kan vi rekne med ytterlegare 15 mill. kroner.

Finansielle måltal

Indikatorene under er foreslått av KS og er ei viderutvikling av indikatorer foreslått av riksrevisjonen.

Ved berekningane er netto driftsresultat korrigert for bundne fondsavsetninger. Disposisjonsfondet er korrigert for regnskapsmessig meir-/mindreforbruk og netto lånegjeld er korrigert for utlån og ubrukte lånemidler.

prosent av driftsinntekt i alt	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Korr. Netto driftsresultat driftsresultat	< 0	< 1	< 2	> 2
Korr. disposisjonsfond	< 2	< 5	< 8	> 8
Korr. netto lånegjeld	> 85	> 75	< 65	< 65

Finansielle nøkkeltal i Sula kommune i % av driftsinntektene

Sula kommune 2017:	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Korr. Netto driftsresultat			1,30 %	
Korr. disposisjonsfond				16,10 %
Korr. netto lånegjeld	117,40 %			

Sula kommune 2019 - 2022	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Korr. Netto driftsresultat 2019	-2,21 %			
Korr. Disposisjonsfond 2019				11,1 %
Korr. netto lånegjeld 2019	140 %			
Korr. Netto driftsresultat 2020	-1,16 %			
Korr. Disposisjonsfond 2020				9,7 %
Korr. netto lånegjeld 2020	164 %			
Korr. Netto driftsresultat 2021	-2,53 %			
Korr. Disposisjonsfond 2021			7 %	
Korr. netto lånegjeld 2021	168 %			
Korr. Netto driftsresultat 2022	-2,63 %			
Korr. Disposisjonsfond 2022		4,3 %		
Korr. netto lånegjeld 2022	164 %			

Måltal for Sula kommune:

Netto driftsresultat, det anbefalte frå teknisk berekningsutval er 1,75 %, på sikt må det også vere målsettinga for Sula kommune, men første mål må nok vere å komme i balanse dvs 0.

Disposisjonsfond, målsettinga bør vere å redusere bruken av fond slik at vi ikkje får fondet under moderat handlingsrom dvs. mindre enn 5 %.


Netto lånegjeld, dette er det vanskeligaste måltalet Sula kommune har alt ei høg gjeld og med bygging av mellom anna Rørstadmarka skule og renseanlegg unngår vi ikkje at lånegjelda aukar. Riksrevisjonen definerer for høg lånegjeld til 75 % av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100 % er ugunstig. Sula kommune sin målsetting bør vere å komme ned på 100 %, men det vil ta tid.

3. Kultur og oppvekst

Visjon

Barn som veks opp i Sula skal oppleve relevans, utfordringar, samanheng og mestring kvar dag i læringsreisa si. Alle skal møte høge forventningar og få kompetent hjelp når dei treng det. Barn som veks opp i Sula, skal fullføre vidaregåande skule.

Visjonen i Kultur og oppvekst illustrerer vi slik for perioden 2017-2021



Tannhjula illustrerer kjerneoppgåvene dei tilsette skal samarbeide om å løyse, for å bidra til at borna i Sula får ein god start i livet. Vi har fokus på trygge, tydelege og forutsigbare tilsette (autoritativt leiarskap), trygge og stimulerande læringsmiljø, relevant innhald og eit mangfold av metodar frå helsestasjonen til ungdomsskulen. Det vi gjer skal vere kunnskapsbasert; vi skal vite kvifor. PPT, skulehelsetenesta og barnevernet gir kompetent bistand i førebyggjande og hjelpende arbeid. I fritida er tilbod om aktivitet på biblioteket, i kulturskulen, på Dunken, i regi av utekontakten og gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Arbeidet i KO skal i hovudsak vere førebyggjande og bidra til å styrke folkehelsa i Sula. Dei som slet skal bli sett og raskt få god hjelp i møte med tilsette i Sula kommune.

Kommuneplan

Frå Samfunnssdel 2010-20 (K-sak 35/11) kap 3.2:

"Førebyggjande innsats samt trygge og gode oppvekstvilkår. Ein må oppretthalde og vidareutvikle førebyggjande tilbod til barn og unge i kommunen, både i form av fritidstilbod, helserelaterte og pedagogisk tiltak."

Lovgrunnlag

Innbyggjarane sine rettigheter inn mot KO-sektoren er regulert i

Lov om barnehagar (barnehagelova),

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, inkl §13-6 Musikk- og kulturskoletilbud

Lov om helse- og omsorgstenestene (helsesøster/skulehelsetenesta),

Lov om barnevern, under omlegging


Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere.

Lov om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemd (Kulturlova) og

Lov om folkebibliotek.

I tillegg ei rekke forskrifter (t.d. fag- og timebyteplan, læreplanane for fag og rammeverk), rundskriv og Barnekonvensjonen til FN.

Organisering



Oppvekst omtalt først, deretter Kultur.

Ressursar


STILLINGAR OPPVEKST	2019	2018	2017	2016
SUM	265,41	262,42	258,74	246,46
Kultur- og oppvekstadministrasjonen	1,00	1,00	1,00	1,00
Solevåg skule 1	26,67	23,95	22,07	20,78
Måseide skule	11,77	11,77	11,77	11,66
Fiskarstrand skule	14,23	14,23	14,23	16,10
Langevåg skule	43,70	43,70	42,30	39,40
Sula ungdomsskule 1)	41,71	37,41	38,03	39,10
Solevåg SFO	3,84	3,78	3,96	3,96
Måseide SFO	2,21	2,21	2,21	2,74
Fiskarstrand SFO	3,30	3,30	3,30	3,80
Langevåg SFO	8,90	7,39	7,39	6,44
Sunde Barnehage	9,00	9,00	9,00	9,60
Måseide Barnehage	16,00	16,00	16,00	16,00
Langevåg Barnehage	25,50	25,50	25,50	24,50
Molvær Barnehage	16,00	16,00	16,00	16,00
Vaksenopplæring etter Oppl-lov, kap 4-2(Mylna)	2,77	2,97	2,97	2,92
TBU (Barnev., Helsest, PPT og spe.sped. bhg), 2)	28,80	34,20	33,20	22,65
Kultureininga (eigen tabell)	10,01	10,01	9,81	9,81
1) Nye klassar frå -18 2) EM-bustad avvikla				

Oversikt over årsverk i KO per 31.12.18, kommentarar knytt til einingane under

Kommentar til stillingsplanen – knytt til oppgåver

Barnehagane (både private og kommunale) ber om friske lønsmidlar i 2019 for å kunne møte behova til dei minste, når dei treng ekstra bistand i si utvikling. (TBU ber om det same). Behovet er meldt dei siste åra. Årsverk til styrking og spesialpedagogiske tiltak er det same som i 2011 trass i rekordveksten i barnetal.

Midlane/stillingane skal dekke tiltak til borna i både kommunale og private barnehagar. Innstramminga har ført til forringing av ei lov pålagt hjelp til dei minste innbyggjarane i Sula. Kostratala syner at Sula brukar lite samanlikna med andre. Frå styrarane er det dei siste åra registrert aukande uro og frustrasjon over å ikkje kunne gi hjelpe på ein god måte og i tråd med kunnskapen dei har om kva som kan bidra til å snu ei negativ utvikling. Tilstrekkeleg og kvalifisert personalet er hovudressursen med tanke på å lukkast med tidleg innsats, men konsekvensen av situasjonen no er at det totale tilbodet svekkast når personalet i tillegg til det ordinære arbeidet, må dekke opp tiltak ved styrking og spesialpedagogisk hjelp. Kommunen har ansvaret for at borna i alle barnehagane i Sula har eit kvalitativt



godt tilbod i tråd med lovverket, og leiarane i private og kommunale barnehagar samarbeider om inntak og kvalitetsutvikling. Kommunen utfører tilsyn i samarbeid med ein annan kommune i regionen. Foreldrebetalinga følgjer nasjonale makssatsar (eiga sak). Bjørn Brox (Framsikt Analyse) forklarer relativt høge driftsutgifter i bhg med to tilhøve; Høg andel barn med barnehageplass og mange barn utan rett på plass, i private bhg (Sula kommune får regninga). Frå 2018 har kommunestyret vedteke at kommunale barnehagar kan tilby born utan rett plass, når dei har ledig kapasitet.

Kommunale barnehagar er Molvær, Langevåg, Måseide og Sunde. Private er Hatlebakken, Nymarkbakken, Gnist, Rørstadmarka, Vasset og Røde kors – open barnehage.

Skulane ber om friske lønsmidlar til å få tilsette folk med kompetanse på åtferdsproblematikk; miljøarbeidarar og folk med barnevernsfagleg kompetanse. (TBU peikar på det same behovet). Vidare ber dei om å få betre kapasitet til å følgje opp og vidareutvikle undervisningsteknologi i Sulaskulen. Rektorane ber og om å få styrka teamet kring seg, slik Ålesund og Giske har gjort allereie. Føremålet er at dei får frigjort tid til å følgje opp arbeidet i klasserommet slik det er forventa at ein rektor skal.

Det er vedteke at grunnskulen i Sula skal ha ein struktur med tre barneskular (K-vedtak 47/18, nærmere omtalt under investeringsbehov). Barneskulane er pt Solevåg (2 paralellar), Måseide (1), Fiskarstrand(1) og Langevåg skule (4). Ved alle barneskulanene er det SFO -tilbod til 1.- 4. klasse, og i 5.-7. for born med funksjonshemminger. På Sula ungdomsskule(4-5) samlast alle elevane i kommunen til dei siste tre åra i grunnskulen.

Frå skuleåret 2011 og fram til i skulestart 2019 har det skjedd vesentlege endringar. Klassetalet har auka med 11 nye klassar. I tillegg er det innført valfag på alle trinn i ungdomsskulen og ein ny time i naturfag på mellomtrinnet. Tiltaka er underfinansiert og inneber dermed innstrammingar. Auke i driftsramma fra 2018 gjenspeglar på langt nær den veksten skulane har


hatt dei siste 7 åra. Det som har «redda» barneskulanene der veksten har vore størst, er statlege midlar til auka lærartettleik Sula kommune har motteke siste åra. Kvar ny klasse (før norm) skal *minimum* ha ein lærar i kvar time,. Deretter kjem timer til å dele klassen i praktiske fag og timer til enkeltvedtak om spesialundervisning etter tilråding frå PPT. Nokre elevar har og personleg assistent gjennom heile dagen, grunna

helsetilstanden/store funksjonsnedsettingar. I snitt trengs *minimum* 1,4 årsverk i barneskulen og 2 årsverk i ungdomsskulen for å dekke oppgåvene i ein ny klasse. Innstramminga over fleire år, gjer at ein stor andel Sulabarn får grunnopplæringa si av ufaglærte. Bjørn Brox (Framsikt Analyse) stadfestar situasjonen i Sulaskulen, då han i presentasjonen sin uttalte følgjande: Med dagens skulstruktur, er skuledrifta i Sula «skvisa».

Ressursknappheit i skulen går først og fremst ut over opplæringa og oppfølginga til dei mest sårbare borna, men det påverkar og kvaliteten på opplæringa generelt, og høge krav i kombinasjonen låg lærartettleik (store grupper) medfører eit stort press på dei tilsette. Andelen born som treng spesialundervisning, er framleis høg samanlikna med andre.

SFO. Intensjonen med SFO er at ordninga skal møte foreldra si arbeidstid med ein stad borna kan vere før og etter obligatorisk skuletid. Her skal borna få omsorg, mat, kvile, men og få høve til å utfalde seg utifrå eigne interesser saman med andre i ein arena som bidrar til å trygge born sine oppvekstvilkår og kan ha førebyggjande effekt. SFO skal vere ein plass der ungar vert sett og får utfalte seg gjennom eit mangfold av aktivitetar. Gode SFO-ar er tilpassa borna sine behov og lokal kultur. I Sula er det i snitt knapt 18 born per vaksen (frå 16 på Måseide til 23 på Langevåg, styrking til born med nedsett funksjonsevne ikkje med). I Sula nyttar ein relativt høg andel seg av ordninga. Foreldrebetalong dekker ikkje driftsutgiftene, men rådmannen foreslår ikkje å heve satsane i 2019 utover ei inndekning på 34 kroner for utvida opningstid med 15 minutt om morgonen, gjeldande frå januar 2019 og satsane vert foreslått justere i tråd med kommunal deflator, med verknad frå 1.1. 2019, slik at ordninga i alle fall held tritt med normal løns- og kostnadsutvikling. Justeringa gjeld og drop-intimar for born med og utan fast plass. Nye satsar vert lagt fram i eiga sak.

Vaksenopplæring. Stillingane er knytt til opplæringa på Mylna (rehabiliterande og habiliterande opplæring etter opplæringslova kap 4A-2). For tida er det eigen rektor i eininga (personleg ordning).



TBU - *Tiltakseining for barn og unge* ber om midlar til fleire stillingar og supplerande kompeptanse (som t.d psykiatrisjukepleiar) som kan arbeide forebyggjande ute i barnehagane og skulane og i familiar der dei kan bidra til betre omsorg for borna, jf Vestby og Nannestad. Einingsleiar har bede om å få hente inn støtte i vidare omstillingssarbeid frå ekster fagmiljø. Samorganisering av dei tre fagområda Helsestasjonen/ skulehelsetenesta, Barnevernet og PPT og eit tett samarbeid med barnehagar og skular, har styrka kvaliteten i tilbodet til born og unge i Sula. For enkelte innbyggjarar er dessutan tversektoriell samhandling ein kritisk suksessfaktor. Det er mange eksempel på at tett samarbeid aukar kvaliteten i den hjelpa som vert gitt. Med veksten i barnetalet og nye, omfattande og statleg definerte oppgåver i TBU, strevar faginstansane med å ta unna melde saker. I alle tre fagområda deler dei tilsette i TBU uroa i barnehage og skule over at dei ser mange som burde hatt meir hjelp.

Helsestasjon og skulehelsetenesta si oppgåve og kompetanse i Sula er å avdekke og forebyggje helseproblem, hos barn og ungdom 0-20 år. Per i dag manglar sektoren eit tilbod innan psykatri/ psykolog til aldergruppa under 18 år, ein psykiatrisk sykepleiar ved helsestasjonen kunne bøte på det. *Skal ein ha eit håp om å redusere utgiftene til barnevern, er det avgjerande at denne tenesta er rigga til å arbeide systematisk med førebyggjande tiltak og tidleg innsats*. Når innbyggjarane vert gravide, skal dei få tilbod om svangerskapsskontroll i tilknytning til

Helsestasjon, skolehelsetenesten og helsestasjon for ungdom skal sikre at barn og ungdom blir hørt, involvert og får innflytelse i kontakt med tjenestene, på individ- og systemnivå.

helsestasjon. Dei som arbeider i tenesta har ei viktig rolle i å sikre ein god omsorgssituasjon gjennom tiltak for å styrke foreldra si mestring i foreldrerollen, førebyggje, avdekke og avhjelpe

rusproblematikk og vald i nære relasjoner - og samarbeide tett med barnehage, skule, PPT og barnevern, for å følge opp uro for eit barn. *Når barnehagen aukar med ei avdeling eller skulane med nye klassar, er auken like mange nye brukarar i denne delen av tenesta*. Når ferske rapportar om helsetilstanden i Sula syner at mange ungdommar i Sula slit psykisk, så kan innsatsen frå helsesøster vere nett det som hjelper ungdommen til å ta betre vare på seg sjølv og helsa si og unngå varige helseproblem. Leiars ynskjer å styrke lavterskelttilbodet (sjå kap 3.1 i HS-plan 2015-2019), som kan hjelpe i familiar og drive ulike samtalegrupper i ein akuttfase - og dermed unngå at vanskar eskalerer.


Vidare skal tenesta avdekke nedsette funksjonar hos barn og samarbeide om habilitering av barn og ungdom med spesielle behov, som kronisk sjukdom og funksjonsnedsetting. Skulehelsetenesta er og, saman med barnehage, skule og PP-tenesta, viktige aktørar i arbeidet med å fremje barn og unge sitt lærings- og utviklingsmiljø - og bidra til å legge til rette for godt psykososialt og fysisk miljø for borna i skule og barnehage. Helsesøstrene samarbeider med omsorgstenesten og andre helsetenester i HS, om tilbod til enkelte born og unge (IP).

Til skulehelsetenesten er det pt avsett 4,15 årsverk (2,25 fast), fordelt på skulane slik: Langevåg skule 5 dagar (496 elevar), Solevåg skule 3,25 dag (244 elevar) , Fiskerstrand skule 2 dagar (133 elevar), Måseide skule 1½ dag (87 elevar), Sula ungdomsskule 5 dagar (339 elevar). Helsestasjonen for ungdom disponerer 35% stilling.

Det inneber at skulehelsetenesta i Sula nærmar seg normtalet frå Helsedirektoratet (støtta av Utdanningsdirektoratet) som rår til ei helsesøsterstilling per 300 elevar, altså 4,33 årsverk i Sulaskulen.

PPT si oppgåve og kompetanse er å bidra til heilskap og samanheng i opplæringa i Sula for born i alderen 1- 15 år som treng tilpassing ut over det barnehage og skulen sjølv utan vidare har kompetanse på. Dei har og kap 9a -kompetanse. Med ein auke i talet på barnehageavdelingar (+7) og skuleklassar (+11) på 7 år, får PPT automatisk tilsvarande nye oppgåver. Det er heller regelen enn unnataket, at det i kvar barnehageavdeling/ skuleklasse er eitt, eller fleire, born som treng ekstra oppfølging og tilrettelegging, t.d har det så vanskeleg at åtferda krev eit ekstra blikk og ekstra hender. PPT har ansvar både for å rettleie lærarar og assistenter ute

Thomas Næ Dahl mfl.
INKLUDERENDE FELLESSKAP FOR BARN OG UNGE
Ekspertgruppe for barn og unge med behov for øvareikt tilrettelegging



om korleis dei best kan legge til rette for barnet/elevn si læring i fellesskapet, dvs arbeidet med tidleg innsats. Dei organiserer nettverkssamlingar for småskulane og barnehagane, for å sikre at dei borna som slit, møter vaksne som *forstår* og kan hjelpe dei å fungere i fellesskapet. Frå 1.8.2016 fekk vi ei endring i barnehagelova som pålegg PPT ansvaret for å gi rettleiing til ni barnehageeininger her i Sula. Det følgde ikkje ressursar med endringa. Rettleiingsansvaret er knytt til både fagleg og sosial læring, og skulemiljø / mobbeførebygging. PPT skal i tillegg gjere utgreiingar og undersøkingar når læraren og foreldra ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å avdekke kva tiltak som kan gi eit barn den tilrettelegginga det har krav på. Undersøkingane skal gi råd om korleis tilsette og føresette kan hjelpe barnet. Også born som ikkje går i barnehage, har rett til hjelp frå PPT. Leiar ber igjen om å få styrka dette arbeidet med 50 % stilling, frå 2018.

Barnevernstenesta si oppgåve og kompetanse er å bidra til at barn og unge i Sula har trygge oppvekstvilkår med **forsvarleg omsorg**. Får barnevernet melding om barn og unge frå 0-18 år, som lever under tilhøve som kan skade



helse og utvikling, skal dei undersøke saka og gi naudsynt hjelp som sikrar betre omsorg, primært i heimen /i anna nær familie, eller, når det er best for barnet; i fosterheim eller institusjon. Om det er aktuelt med ettervern, har barnevernet ansvar til ungdommen er 23 år. Å sikre at borna som er under omsorg av barnevernet, fullfører skulegangen, er eit nasjonalt satsingsområde. Det er framleis stort press på kapasiteten og ein har ikkje funne rom for å sette av tid til forebyggjande innsats og vidareutdanning på felt som i neste omgang kunne redusere kostnadane på tiltakssida. Bustaden for EMF er erstatta med

lettare tiltak. Forventa tilskot i åra som kjem, er likevel i 2019 kr 2.565.000, i 2020 kr 1.753.800 og i 2021 kr 769.500.

Effektivisering og innsparing

Einingane i oppvekstsektoren har over tid jobba hardt for å kompensere for dei omfattande innstrammingane i drifta som følgje av veksten i barnetal. Dei har i 2018 like fullt drøfta om - og korleis - dei kan løyse oppdraget sitt meir effektivt, og eventuelt stramme ytterlegare inn i drifta. I budsjettkommentarane (vedlegg) presenterer kvar einingsleiar mål og tiltak for dette arbeidet i 2019. Det er gledeleg å sjå at barnehagane har lukkast med å ta ned utgiftene til ferievikarar, og at vi i skulane allereie etter to-tre månader med «Aktiv læring på nettbrett» høyrer om betre tilpassa opplæring, meir aktivt lærande guitar, mindre kopiering - og arbedsmåtar som erstattar eingongsbøker. Dette kan frigjere midlar til andre sårt tiltrengte tiltak som det ikkje er bevilga pengar til.

Tilsvarande ser vi i TBU tiltak som kan frigjere klienttid og at eit systematisk arbeid med sjukefråvere har gitt resultat.

Kostra 2017 - oppvekst

KOSTRA kultur og oppvekst 2017	Sula 2016	Sula 2017	Ålesund	Giske	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal	Kostragr 07
Netto driftsutgifter til barnehager per innbygger	10 812	10 875	8 428	10 297	8 200	8 198	8 327
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	95,90 %	95,10 %	92,60 %	91,20 %	91,80 %	92,40 %	91,60 %
Andel barn m/ekstraress til styrket tilbod av alle barn i b	13,60 %	14,10 %	15,80 %	16,10 %	18,60 %	17,70 %	17,60 %
Andel barnehager med åpningstid 10 timer eller mer per dag	100,00 %	100,00 %	75,60 %	87,50 %	37,10 %	45,90 %	66,50 %
Netto driftsutg. til grunnskole (202, 215, 222, 223), per innb 6-15 år	95 166	98 136	93 154	105 837	104 640	109 502	100 074
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	8,90 %	9,20 %	8,60 %	11,10 %	7,90 %	8,90 %	7,10 %
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årsstrinn	15,1	14,5	12,8	12,6	12,6	11,9	13,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årsstrinn	13,8	13,5	13,4	12,6	13	12,1	13,7
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årsstrinn	17,3	18,4	16,9	15,7	14,3	13,9	15,5
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med bv-tiltak	146 234	157 788	250 669	113 353	203 571	170 631	
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	6,00 %	6,30 %	4,70 %	5,60 %	5,00 %	5,40 %	
Stillingar i bv med fagutdanning av alle fag, og tiltaksstillingar	100,00 %	100,00 %	100,00 %	100,00 %	98,00 %	99,00 %	99,00 %
Årsverk pr. 10 000 innbygg 0-5 år. Helsestasjon/skulehelseteneste (232)	113,8	128,1	150,1	131,2	148,4	149,7	154,2
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	102,00 %	95,00 %	92,00 %	74,00 %	88,00 %	92,00 %	94,00 %

Behov for nye tiltak i drifta i oppvekstsektoren

Opplæringslova vart endra frå august 2018 slik at skulen no har plikt til å sette inn tiltak dersom born vert hengande etter i kjernefaga på 1.-4.trinn. Frå same tid vart det innført lærarnorm i skulen. Oppveksten kjem ikkje i reprise. På den eine sida betyr det at dei tiltaka ein sett inn tidleg, gir gevinst heile livet. På den andre sida vil forsømming kunne ha alvorlege konsekvensar, både for den som ikkje får hjelp - og for samfunnsøkonomien. Når barn lærer sosial dugleik, sjølvregulering, språk og matematikk dei første leveåra, klarer dei seg fagleg og sosialt betre på skulen og vidare i utdanning og arbeidsliv (Agderprosjektet). Dei fleste borna får med seg dette heimanfra, men for mange står det mykje på spel - og ein barnehageplass og møtet med fagleg dyktige tilsette i dei kommunale tenestene kan vere avgjerande, då basisdugleik kan stimulerast t. d. gjennom leik og leikeprega aktivitet i barnehage og skule og i nokre høve tiltak som krev særskilt kompetanse. For desse borna er det avgjerande at det finst tiltak og hjelparar som kan snu ei manglande eller negativ utvikling. Både styrarane og rektorane er uroa over situasjonen på dette feltet. Barnehagane ber om å få attende handlingsrommet frå 2011, ved at midlane til styrking og spesialpedagogiske tiltak vert auka. Skulane ber om miljøarbeidar og barnevernsfagleg kompetanse som kan arbeide med born som utagerer, slik at lærarane får friggjort tid til å arbeide med den faglege utviklinga til alle borna. Tilsette med slik kompetanse kan og arbeide inn mot familien før/utan at det vert barnevernsak.

Dei innmelde behova er nøkterne og meldt fleire år på rad. Dei vitnar om samarbeid på tvers av einingane, og felles forståing i sektoren for kva tiltak som gir best uttelling i målgruppa. Alle vil tene på at dei yngste får god hjelp raskt, ikkje minst med tanke på eldrebølgja i Helse- og omsorgssektoren. Handlingsrommet for fleire «smarte grep» er heilt sikkert til stades også i oppvekstsektoren, men all omstilling krev noko ressursar og merksemrd. Ei typisk utfordring i sektoren er forstillinga om at omorganisering av tenesteområda i TBU fører til økonomisk *innsparing* i drifta på kort sikt. Oppfatninga vert ein reell trugsel mot kapasiteten og kvaliteten i arbeidet. Auken i kostnadar til klienttiltak, har i fleire år gitt lite handlingsrom for å ta ned mengda av saker på kvar sakshandsamar. Konsekvensen er alvorlege både for tenestekvalitet til innbyggjarane - og i eit HMT-perspektiv. No går desse utgiftene ned! For å fortsette denne utviklinga er det avgjerande å styrke kapasiteten i det forebyggjande arbeidet og lågterskeltiltaka. For å lukkast, må vi tillate oss å sjå kostnadane ved dei innmeldte behova i lyset av det meir langsigktige perspektivet.

*Effekten av
tenestene i
oppvekstsektoren er
langsiktige*

Effekten av gode tenester i sektoren, er langsiktig, og ligg i at dei universelle tenestene kan gjere ein så god jobb at berre dei færreste treng tiltak på det selekerte og dedikerte nivået. Vidare i at når nokon treng hjelp frå kommunen, får dei rett hjelp raskt slik at situasjonen faktisk endrar seg til det betre, i staden for å eskalere. Utfordringa er like eins i SFO.

Nøkkeltal for *undervisning* dokumenterer ei reell innstramming over fleire år. Rektorar er som yrkesgruppe tett på elevane, og Sularektorane har hatt ein jobb med å tilpasse auken i undervisningstimar og naudsynt utstyr til kvar elev innanfor ei stadig strammare ramme grunna elevtalsveksten. For å få dette til, er undervisningstimane til klassedeling og gjennomføring av enkeltvedtak redusert betydeleg. Det vert fira på det lovfesta kravet til kompetanse for å få kvardagen til å gå rundt. Sula er på lista over dei 100 kommunane i landet som har lågast lærardekning, høgast andel assistenter og høgast andel av spesialundervisning. Det er gledeleg at situasjonen har betra seg noko dei siste par åra, gjennom tilføring av fleire lærarstillingar. Det er ynskjeleg å få til ein tolærarmodell og redusere bruken av ufaglært i skulekvarden. Målet er at elevar med særlege behov skal få hjelp av lærarspesialistar.

Omlegging av lovverket for barnevernet og barnehage, inneber meir omfattande oppgåver og ansvar for TBU frå 2017.

Totalt er det frå dei ti driftseiningane i oppvekst meldt inn behov for å auke drifta med knapt 11,9 mill.fordelt på 11 einingar. I hovudsak er behova knytt til arbeidet med born som slit og naudsynt støtte i omstillingsarbeidet med undervisningsteknologi.

Det siste er godt i gang og allereie etter to månader rår optimismen (frå budsjettkommentaren Langevåg skule):

Digitalisering/undervisningsteknologi

Vi er godt i gang med å bruke læringsbrett i opplæringa for foste og andre klasse.

Lærarane får grundig og god opplæring gjennom RIKT. Vi har stor tru på dette opplegget, og ser allereie no at det har ført til større elevaktivitet i læringsarbeidet. Bokstavinnlæringa går raskare, og det er lettare å tilpasse opplæringa til den einskilde eleven sine behov. Dette er noko som fengar både elevar og foreldre. Vi har aldri hatt så godt framme som då vi arrangerte foreldremøte om opplæring på læringsbrett.

Grunnskuleelvar som har tilbod på Kulturskulen, får tilgang på appar som gjer at dei kan nytte nettbrettet på beege undervisningsstadane, Sula er først i Fylket med denne løysinga!

Bygg og lokalitetar

Molvær barnehage - 4 avdelingar: Eldre bygg, manglar framleis vognrom. Oppgradert uteområde. Langevåg barnehage - 6 avdelingar: Nybygg, opna hausten 2015. Strøkent inne og ute. Har kameraovervaking på kveldstid.

Måseide barnehage - 4 avdelingar: Eldre bygg med nytt påbygg. Oppgradert uteområde.

Sunde barnehage - 2,5 avdeling: Eldre, litt slitent bygg, toalettforholda er dårlige. Oppgradert uteområde. Denne barnehagen står på « neste steg»-lista med tanke på å få ein kostnadseffektiv struktur på kommunale barnehagar (grunnlag for overføring til private). Kan ikkje utvide kapasiteten der dei ligg, men det er sett av tomt i arealplanen med tanke på framtidig nybygg.

Solevåg skule - 1-7-skule: Nytt tilbygg for å møte auka klassetal sto ferdig i 2018. I den gamle delen er det behov for mindre ombyggingar for å få til personalrom med plass til alle tilsette og modernisere administrasjonsfløya, samt ein del vedlikehald som t.d renovering av skulekjøkken.

Måseide skule Fådelt 1-7 skule: Eit av dei to eldste skulebygga. Generelt slitent. Gymsalen kan nyttast til dei yngste, dei eldre bussast til kroppsøvingsundervisning i Solevågshallen/ute. Garderoben til dei yngste er for liten år vaksne skal hjelpe born. Modulbygg sett opp i 2016. Fleire reguleringsvedtak kan auke presset på skulekapasitet. Ikkje nok klasserom til å bli fulldelt. Uteområdet treng utstyr til aktivitetar på ulike alderssteg i friminutta, relativt semmert. Ser fram til å flytte inn i nyskulen!

Fiskarstrand skule 1-7 skule. Gammalt bygg, men fekk ei generell oppgradering etter at Dagmar tok taket romjula 2011. Gjennomført vedlikehald av brakker og utskifting av kjøkken. Manglar arbeidsplassar og SFO-lokalitetar. Treng ombygging for elevar med behov for fysisk tilpassing. Reguleringsvedtak kan auke presset på skulekapasitet. Treng leikemuligheiter ute, etter sanering av apparat. Ser fram til å flytte inn i nyskulen!

Langevåg skule 1-7-skule: Læringsareal vart i 2018 utvida ved å innrei og ta i bruk bygningen etter vidaregåande skule. Uteområdet er i ferd med å bli ferdigstilt.

Sula ungdomsskule 8.-10 – skule: Nytt skulekjøkken og naturfagrom for å kunne ha undervisning med to grupper samtidig. Behovet for kapasitetsauke frå 2017 vart først oppstarta i 2018. Dei store kulla er no på veg over i ungdomsskulen. Flott uteområdet legg til rette for ulike aktivitetar.

TBU (barnevern, PPT og helsesøster-/skulehelsetenesta): Lokalisert som før omorganiseringa.

Behov for investering i sektoren

Investeringsbehova i sektoren dei siste åra har vore knytt til tema ein finn att i Skulebruksplanen 2014-2018 (K-sak 029/15).

Skulebruksplanen tok for seg dei fysiske rammeføresetnadane for Sulaskulen og ga skuleeigar eit grunnlag for å planlegge for framtidig skuledrift. Planen hadde som mål å vise hovudtrekk ved situasjonen ved skulane i Sula og peike på dei største utfordringane vi sto framfor i 4-årsperioden, slik at ein sikrar eit likeverdig og godt skuletilbod til alle elevane. I K-vedtaket vart det vedteke å prioritere spesialrom og auka kapasitet til undervisningsareal ved Sula ungdomsskule og å auke kapasitet i undervisningsareal ved Solevåg skule. Dernest greie ut kostnadsmessige konsekvensar av å anten ruste opp dei to skulane på midtre eller erstatte dei med ein ny skule på Rørstadmarka. Det siste vart fulgt opp i eiga sak, og i K-vedtak 25/17 gikk kommunestyret for utgreiing av ny skule på Rørstad. Kommunestyret vedtok å byggje nyskulen i sitt junimøte 2018 (K-vedtak 047/18). I dette vedtaket ligg og ein ny opsjon; å legge til rette for tre parallellear, slik at ein slepp å køyre anleggsmaskiner inn i skuleområdet seinare. Rørstadmarka skule består i utgangspunktet av tre delprosjekt: Skulebygg med hall (delprosjekt 1), gang- og sykkelstiar(delprosjekt 2) og løysing for avkjørsel frå hovudveg (delprosjekt3).

Rørstadmarka skule er planlagt som eit svært nøkternt skulebygg. Kommunestyret har lagt inn opsjonar i prosjektet tidlegare; hall i staden for gymsal, og kulturscene i tilknytning til hallen. Sceneløysinga har ein planlagt i sambruk med musikk, dans og drama- undervisninga. I K-sak 75/17 vedtok kommunestyret å greie ut areal for sanserom til tilpsassa opplæring for barn og unge med nedsett funksjonsevne. Sanserommet er tiltenkt heilårsfunksjon og vil bli eit tilbod til alle innbyggjarar med funksjonsnedsetting.

Dessverre er arbeidet med anbodsgrunnlaget forsinka grunna prosessane i samband med vegløysingar. Dermed er det framleis berre eit esitmat basert på erfaringstal som er lagt inn i investeringskbudsjettet frå 2020. Faktisk kostnad for Rørstadmarka skule vil først vere klar når tilbydar er valgt og kontraktsinngåing er gjennomført, etter planen i løpet av 2019/primo 2020.

I 2018 fekk Langevåg skule utvida kapasitet; vidaregåandebygget vart ombygd til undervisning og SFO for dei yngste og vart teke i bruk ved skulestart.

Det som står att, er ombygging til meir undervisningsareal for ungdomsskulen.

I samband med Skulebruksplanen, vart det og gjennomført ei tilstandskartlegging på uteområda/ leikeapparat på barnehagane og skulane og i 2017 vart det avsett i midlar over fire år til å sette uteområda i ein tilstand som gjer at Sula kommune etterlever Forskrift for miljøretta helsevern i barnehage og skule.

Statsbudsjettet 2019 – satsing på barn og unge

Regjeringa signaliserer ein sterk satsing på barn og unge i kommunebudsjettet gjennom:

OPPTRAPPINGSPLAN BARN OG UNGE

Regjeringa sin strategi for god psykisk helse (2017–2022) «Mestre hele livet» som vart lagt fram i fjor, er ein strategi for psykisk helse i heile befolkninga, med et særleg fokus på barn og unge. Eit av tiltaka i opptrappingsplanen retta mot barn og unge, er tilskot til psykolog . Fra 1. januar 2020 skal alle kommuner ha psykologkompetanse. Samla vert det foreslått å bevilge 205 millioner kroner til rekruttering av psykologer i kommunene. Med desse midlane sørger regjeringen for at alle kommuner kan rekruttere psykolog innen lovplikten trer i kraft i 2020. Fra og med 2020 legges midlene inn i kommunerammen.

«Hvis vi klarer å forebygge og fange opp psykisk helseproblemer hos barn og unge tidlig, vil det ha stor betydning for dem for resten av livet. Derfor er det gledelig å se at satsingen på psykologer har gitt flere lavterskelttilbud, bedre forebyggende helsearbeid, mer samarbeid med andre kommunale tjenester og med spesialisthelsetjenesten», sier helseminister Bent Høie.

HELSESTASJONS- OG SKOLEHELSETJENESTEN

Regjeringen vurderer å utvide formålet med helsestasjons- og skolehelsetjenesten ytterligere til å inkludere behandling og oppfølging av barn og unge for både psykiske og somatiske tilstander. Satsinga vert vidareført, men ikkje auka ut over prisjusteringa.

BARNEHAGE OG SKOLE – TIDLIG INNSATS OG KVALITET

Ordninga med lærarspesialistar i begynnarpoplæringa for 1. til 4. klasse held fram. Spesialistane skal bidra til å utvikle undervisninga på dei skolane dei arbeider, slik at elevane lærer meir. Midlar til å sette inn tiltak når born i 1.-4-vert hengande etter i basisfag, i tråd med nytt lovpålegg, ligg i rammetilskotet med føring. I Sula utgjer dette 395 000 kr.

Opptrapping i moderasjonsordningane slik at dei femner nye grupper, høgare innslagspunkt for «lågtløn».

BARNEVERN – KVALITET OG KOMPETANSE

Regjeringa føreslår å etablere eit digitalt kvalitetssystem i barnevernet, for å effektivisere og kvalitetssikre arbeidet.

VALD I NÆRE RELASJONAR

Regjeringa aukar satsinga i opptrappingsplanen mot vald og overgrep.

FOLKEHELSE

Tiårig satsing fra 2017 til 2027 skal bidra til utvikling og å spre gode metoder for å fremme psykisk helse og livskvalitet. Barn og unge skal være en prioritert målgruppe.

RUS OG PSYKISK HELSE.

Tilskot til pårørandetiltak (born og unge er i målgruppa) på rus- og psykisk helsefeltet, styrka (helse- og omsorgsbudsjettet) (rammetilskot).

DIGITALISERING

Kommunesektoren fekk 25 millionar kroner i 2017 til å finansiere kommunale IKT-prosjekt. For 2019 foreslår regjeringa å setje av midlar til formålet, for å stimulere kommunen til å utvikle digitale tenester som kan gjere kvarldagen enklare for innbyggjarane.

Regjeringa foreslo i 2018 500 nye studieplassar i IKT og å halde fram satsinga på koding i skolen.

Budsjettprosessen

Talbudsjettet 2019 vert i hovudsak utarbeida innanfor ramma av 2018-budsjettet, justert for løns- og prisvekst og pensjonskostnader. Unnataket er barnehagedrift og vedtekne klienttiltak i barnevern, med kjente konsekvensar for 2019. Her er budsjetta utarbeidd ved hjelp av eigne rekneark på samme måte som tidlegare år. Overføringer til private bhg går opp. Reduksjonen i kjente klientutgifter i barnevernet er berekna til om lag 2 mill i 2019.

Driftsbudsjettet til Sulaskulen for 2019, vert og lagt innanfor 2018-ramma, *uavhengig* av endra føresetnader (t.d. nye ressurskrevjande elevar og nye klassar i året ein legg budsjett for). Administrasjonen matar inn nye nøkkeltal (ved skulestart inneverande år) i elevsjekken. Den endringa som då kjem fram i bunnlinja, syner kva det vil koste å oppretthalde kvaliteten i undervisninga. Med mindre ein får tilført nye midlar i budsjettvedtaket i desember, så må ein «skru» ned utgiftene på papiret til dei, oppsummert, tilsvarar revidert budsjett i 2018. Elevsjekken fordeler denne innstramminga mellom skulane etter objektive kriterier. Dette er ein lettare operasjon på papiret, enn ute i Sulaskulen, der alle skuleborna i Sula, også dei nye, allereie er.

Utan friske midlar til kontaktlærarar og nye ressurskrevjande elevar, har realiteten vore ei betydeleg innstramming kvart år. For at dette skulle gå i hop, har skulane erstatta lærarstillingar med ufaglærte, for å få lønsbudsjetta sine til å strekke til.

Nye tiltak som er meldt inn frå einingane (som t.d miljøarbeidarar), er ikkje lagt inn i budsjetta, men er framstilt i eigne vedlegg og sortert etter om dei er innarbeid i rådmannen sitt framlegg eller ikkje.

Budsjettframlegg frå rådmannen for Oppvekstsektoren 2019 – 2022

(For fullstendig oversikt over innmelde behov og kva tiltak som er innarbeid i budsjettframlegget, vert det synt til samla oversikt)

Drift

Ut i frå ei svært stram prioritering og den krevjande situasjonen i oppvekstsektoren, har rådmannen funne rom for følgjande tiltak, delvis finansiert gjennom inntekt i rammetilskotet (kr 395 000 til tidleg innsats i rammetilskotet):

Tiltak som er med i famlegget		2019	2020	2021	2022
OPPVEKST					
Digitaliseringsprosj, læringsprogram 3.-10.trinn, appar, lisens	1 226 990	207 374	55 320	55 320	
Leiarutviklingsprogram i KO	150 000	150 000	150 000	150 000	
Tidleg innsats ressurskrevende barn	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
KULTUR					
Innkjøp av utlånsautomat til biblioteket	80 000	10 000	10 000	10 000	

Investeringar

Rørstadmarka skule fra 2020. Utskifting av gamle pultar og stolar på Sula ungdomsskule ligg inne i 2019.

Organisasjonsutvikling og kompetanse

Overordna fokusområde

Ikkje flaks eller uflaks, men kunnskapsbasert og systematisk innsats og samarbeid, i og på tvers av einingane, skal sikre at Læringsreisa i Sula gir barna ein likeverdig og god start på livet - og eit grunnlag for å fullføre vidaregåande skule, uavhengig av kva skule og klasserom opplæringa foregår i.

Overordna målsetting

Kompetent og hensiktsmessig drift på alle nivå.

Profesjonalitet og romslegheit i alle møte med born / unge og deira føresette.

Kunnskapsbasert fokus på praksis i møtestaden mellom tilsette i kommunen og born/unge i barnehage, skule , SFO og PPT.

Innsatsen i sektoren har tre nivå:

1. Alle barn og føresette (universell innsats skjer kvar dag i helsestasjon, barnehage og skule og med god rettleiing frå PPT)
2. Barn og foresatte med risiko for å utvikle vansker (selektert innsats skjer i tverrfaglig samarbeid, til dømes etter SamBa-modellen som skal vidareførast i tiltakseininga for barn og unge i samarbeid med bhg og skule)
3. Barn og føresette med behov for særskilte tiltak (indikert innsats skjer etter tverrfaglig samarbeid og enkeltvedtak basert på sakkunnig råd om kva tiltak som skaper endring)

Dei fleste borna klarar seg fint med innsatsen på nivå ein, når den er av god kvalitet. Det er viktig at kommunen har kompetanse til å identifisere dei som har vanskar. Når vansken er oppdaga, er det avgjerande for barnet at kommunen har kapasitet til å bidra til å forandre ein negativ situasjon som hindrar ei god utvikling. Frå august 2018 kom ei ny lov som pålegg lærarane i 1.-4. å gi hjelpe til born som sakkar akterut i skulen. Hjelpa skal så langt det er råd gjevest innafor eit inkluderande felleskap.

Kvalifikasjonar

Den viktigaste ressursen ligg i eit kompetent og kapabelt personale. Både formell kompetanse og at du er eigna og får god rettleiing, er viktig når du skal arbeide med barn si utvikling og læring. Tilsette i barnehagen er nøkkelpersonar i ein god oppvekst. Dei observerer dei minste kvar dag over fleire år. Dei er, i tillegg til foreldra og helsestasjonen, dei nærmeste til å fange opp tidleg om nokon treng hjelpe. Det er viktig at dei veit kva dei da skal gjere og har handlingsrom for å gjere dei rette grepene. På same måte er den profesjonelle læraren si rolle godt dokumentert; læraren som får gode relasjonar til elevane, som er trygg fagleg og didaktisk, og som er ein god leiar av læringsarbeidet i klassen, får elevar som yt sitt beste og trivst forholdet mellom elevane – slik bygger den gode læraren godt klassemiljø og demmer opp for mobbing. Dette er kompetanse ein må ta vare på og vidareutvikle. Sagt med Jens Bjørnebo (overførbart til alle områder):

«Dette er lærerens egentlige fag: Å like elever. Å være glad i dem. Han må være glad i i pene barn og stygge barn, i flinke barn og dumme barn, i dovne barn og flittige barn, i snille barn og slemme barn. Det er hans metier. Og er han ikkje glad i barn, da må han lære det»

For å lukkast i arbeidet, er godt leiarskap og tid til å utføre denne delen av leiaroppgåva, avgjerande. Ein felles plattform for leiarskap, som og styrarane i private barnehagar har vore aktivt med på å utforme, definerer verdigrunnlaget for leiing, og metoden for systematisk organisasjonsutvikling som skal brukast i einingane for å utvikle ei kunnskapsbasert vaksenrolle i alle fagområda. Eit viktig prinsipp er medskaping i personalet og å sikre at dei tilsette lukkast i sine møter med borna og familiene i Sula. Leiarane øver på å bli gode prosessleiarar, og utvekslar erfaringar om arbeidet i leiarnettverket i KO. Nærverårsprosenten er høg i sektoren, og sjukefråvere ligg under måltalet for kommunen. I enkelte einingar er nedgangen oppsiktsvekkande.

VIDAREUTDANNING

Kompetansekravet til undervisingsstillingar er endra. Total var det 89 lærarar som mangla formell kompetanse etter dei nye kriteria (1.8.2015), anten i norsk, matte eller engelsk. (Dette er ikkje unike lærarar, mange manglar den formelle kompetansen i fleire fag).

35 manglar kompetanse i engelsk
34 manglar kompetanse i matte
20 manglar kompetanse i norsk

7 lærarar er i vidareutdanning skuleåret 2018-2019. Dersom alle består sine fag, er status per juni 2019 at 47 lærarar manglar kompetanse i nor/mat/eng. Desse 47 lærarane manglar til saman kompetanse i 70 fag (mat/nor/eng).

Det er bindingstid i tråd med personalreglementet for dei som får støtte til vidareutdanning.

Kvalitetssikring

Barnehage- og skuleeigar (kommunestyret) skal etter barnehage- og opplæringslova følgje opp kvaliteten og tilstanden i skulane og barnehagane, slik at ein kan sikre kvalifiserte forbetringar. Ressursutvikling, læringsmiljø og læringsutbytte skal målas og følgjas opp. Kommunen har ansvar for at barnehagane og skulane har tilstrekkelege ressursar og god nok kompetanse til å drive i tråd med lov og forskrifter.

Det er etablert kvalitetssystem for skule og barnehage. Kvalitetssistema skal bidra til å kontrollere kor vidt alle born/elevar får tiltak og opplæring som sikrar at dei lærer og utviklar seg i tråd med føresetnadene sine. Kommunen har tilsynsansvar på to felt. Rådgjevar for barnehage har fått ansvar for å gjennomføre tilsyn etter barnehagelova. Kommunelegen har ansvar for godkjenning etter Forskrift for miljøretta helsevern i barnehage og skule. Tilsynsansvaret inneber og å gi råd og rettleiing.

Det er vidare etablert eit heilskapleg system av prosedyrar for å sikre at den enkelte får tilpassa opplæring gjennom heile Læringsreisa og med rett innsatsnivå.

Kvalitetsvurdering

I 2012 innførte kommunestyret eit system for kvalitetsvurdering, der skulane og skuleleigar skal gjennomføre skuleeigaranalyse, ståstad - og organisasjonsanalyse (www.udir.no) etter ein vedteken frekvens og i tillegg til nasjonale prøver. Ein skal vurdere innsamla data og velje ut utviklingsområde som byggjer på skulebasert vurdering og årlege kvalitetssamtalar med skuleigarnivået (Styringsdialog). Administrasjonen skal årleg legge

fram for politisk nivå ein rapport som omhandlar kvalitetsarbeidet i skulen (her: Skuleeigarrapporten). Arbeidet med å vurdere kvaliteten er eit felles ansvar for skuleeigar og den enkelte skule, og noko som går føre seg gjennom heile året. I Sula har den årlege rapporten fått namnet Skuleeigarrapporten. Frå 2018 har Udir avvikla Skuleeigaranalysen. Den er erstatta med eit større og meir heilskapleg verktøy, «ReFlex», som Sula kanvurdere å ta i bruk vidare.

Kvalitetsutvikling

Kommunestyret handsama hausten 2017 Strategi for kvalitetsutvikling i Kultur- og oppvekstsektoren 2017-21 (K-vedtak 063/17).

Profesjonsutvikling av personalet står sentralt og er i tråd med nasjonale føringer. Den største satsinga i perioden er «Aktiv læring med nettbrett» som skal gi elevane betre tilpassa opplæring og rom for djubdelærings, meir tilgjengeleg lærarstøtte - og, ikkje minst, gjennom planleggingsverktøyet «lthoughts» skal trekke elevane med i systematisk medverknad og planlegging av den gode læringsøkta. I løpet av hausten 2019 har alle fått opplæring i metoden, frå 1.-10.trinn. Etter opplæringa skal det særleg arbeidast med å utvikle «nesten praksis» i tråd med nye rammoplanar og læreplanar, der det er eit mål på kvalitet at dei fleste borna kan få utbytte av Læringsreisa si innanfor ramma av det ordinære arbeidet i avdelinga / klassen. Einingsleiarane følgjer opp utviklingsarbeidet med personalet i eiga eining og etterspør den metodikken RIKT underviser i, dette skal skje etter prinsippa for medskaping i lærande prosessar og nedfellast i einingsbaserte handlingsplanar.



Særleg vil ein i perioden satse på fagleg tryggleik til å fange opp og følgje opp born og foreldre som strevar, slik at riktige tiltak kan settast inn så tidleg som råd.

I barehagane er utviklingsarbeidet knytt til Rammeplanen i prosjektet «To fram». TBU leiar ei tverrfagleg gruppe som utviklar eit program for psykisk helse og livsmestring. Sist, men ikkje minst skal alle borna i Sula, og deira føresette, fra 2018, møte alderstilpassa tema knytta til nettvett og trygg ferdsel i det digitale landskapet i barnehage, skule og foreldremøter.

Fokuset på læringsutbytte knytt til fag og livsmestring skal vere gjennomgåande. Alle elevane skal oppleve at innhald i skulen har relevans for dei. Utfordringa når grunnopplæringa skal bidra til ein god start med tanke på livsmestring, kan illustrerast med eit dilemma: Dei 10 mest populære yrka i 2014 eksisterte ikkje i 2004! Ludvigsenutvalet som var oppnemnd for å sjå om innhaldet i skulen er framtidsretta, nemner i sitt første notat følgjande sentrale dugleikar som viktige i det 20.århundre: Basisdugleik (definert som fem kompetansar; lese, skrive, rekne, digital kompetanse og munnleg framstilling), samt

- Vitenskapelige metoder - utforske og teste
- Kommunikasjon og samhandling
- Metakognisjon og selvregulering
- Medborgerkompetanse og sosialt ansvar
- Kreativitet og innovasjon

Desse signala er tatt med vidare inn i arbeidet med fagfornyinga. Spørsmålet er: Korleis vil fagfornyinga endre arbeidet i barnehage, skule og TBU i Sula? Dei pågående prosjekta i 2019 er retta inn mot det vi, per i dag, trur vil vere eit nytig utgangspunkt for å vidareutvikle kvaliteten i Læringsreisa framover:

- ✓ To fram –prosjektet Rammeplanen og ny praksis i samarbeid m Giske
- ✓ Kompetanseprogrammet i «Aktiv læring med nettrett» - læringsarbeid i det digitale landskapet, medskoing, språkutvikling og sosial samhandling (nettrett).
- ✓ Psykisk helse og livsmestring
- ✓ Forebygge meir for å reparere mindre, i samarbeid med føresette.

Når det gjeld generell etter- og vidareutdanning er Sula med i interkommunalt regionssamarbeid inn mot lærarutdanning ved HiVo. Dette er ein ny modell for desentralisert kompetanseheving som baserer seg på at utviklingsarbeidet skjer i eininga i nært samspele med kollegaer og born, og under leiing av einingsleiar. Lærarane har i tillegg, gjennom sin arbeidstidsavtale, avsett eigentid til fagleg ajourhald. Sula deltek og i prosjektet Mission Possible som rettar seg mot tverrfagleg samhandling i regionen.

Særskilt om KULTUR

Visjon

"Sula skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundsregionen med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet."

Visjon for kultureininga

Kultur for alle!

Mål for kultureininga

Forankring i lokalt planarbeid:

Strategi for kvalitetsutvikling i arbeidet med barn og unge, Kultur- og oppvekstsektoren 2017 – 2021, Kulturplan for Sula kommune 2017 – 2021, Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2010 - 2013 (under revidering), Pedagogisk plattform for Sula Kulturskule

Kultureininga skal legge til rette for kultur ved å stimulere til aktivitetar og opplevelingar, gi økonomisk støtte, samarbeid og rettleiing. Kulturområdet skal bidra med kunnskap, kompetanse og kreativitet. Hovudmålgruppa er barn og unge.

Kulturadministrasjonen sitt arbeid er retta mot kulturutvikling, friluftsliv, idrett, kulturminnevern og kulturarv, gjennom eit aktivt samarbeid med andre kommunale instansar og frivillig og profesjonelt kulturliv.

Fritidsklubben skal vere ein trygg møteplass der ungdom utviklar gode haldningar og sosial dugleik, tar ansvar og delta i aktivitetar.

Ungdomsarbeidet skal vere med å skape trygge og gode oppvekstmiljø, vere synlege i ungdomsmiljøet, arbeide førebyggande, gi opplevelingar, motivere, vere vaksenkontaktar og søkje å oppsøke utsett ungdom.

Biblioteket si overordna målsetting står i §1 i «Lov om folkebibliotek»:

«Folkebiblioteket skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbod til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.»

Sula Kulturskule skal vere eit opplærings- og kreativitetsforum der barn og unge kan utvikle sine skapande evner, og få kjennskap til ulike kunstformer og kulturuttrykk. Skulen skal vere eit kompetancesenter som skal yte teneste til skule, barnehagar, lag og organisasjonar, t.d aspirantoplæringa.

Ressursar

Faste årsverk pr. august 2018	Årsverk.	Endringar frå 2017-budsjettet (pr 31.12.17)
Kulturleiar	1	0,80
Kulturskulen	4,89	4,89
Bibliotek m/filial	2,35	2,35
Fritidsklubb	0,67	0,67
Utekontakt	1	1
Koordinator for ungdomsråd	0,1	0,1
Sum fast tilsette	10,01	9,81

Endringa i kulturleiar si stilling skuldast at 20 % av løna pr. 1.1.17 er flytta frå stab/støtte til kultur.

Kommentar til stillingsplanen

Kultureininga ber om å få styrka midlar i ungdomsarbeidet, arbeidet i bibliotek og til å starte opp kulturkarusell for alle 3.klassane og kulturskulen. Biblioteket si bemanning tilsvrar 0,25 årsverk pr. 1000 innb, godt under fylkessnittet på 0,33 og landssnittet på 0,35. Ressursen er for knapp sett i forhold til dei oppgåvane ein skal utføre og den aktiviteten og dei tilboda eit tidsretta bibliotek bør kunne tilby. Ei omorganisering av bibliotekstrukturen og ressursane tvingar seg fram dersom ein skal kunne satse sterkare på formidling og arrangement med same ressurstilgang som i dag. Talet på elevar i Kulturskulen er 242, med ei venteliste på 37 barn/unge. Fleire av desse er allereie elevar, men ønskjer undervisning i fleire disciplinar.

Det er ei reduksjon på andel elevar som nyttar tilbodet i kulturskulen på 2,3 % frå åra før.

Kvalitetsutviklingsarbeid

Digitalisering/undervisningsteknologi

Det er eit pågåande arbeid med revisjon av strategiplan for digital kompetanse i kultur- og oppvekstsektoren, og kultureininga er godt i gang med arbeidet. Kultur sin målsetting er å styrke kultureininga sitt digitale arbeid, det faglege samarbeidet med oppvekst og ikkje minst sikre brukarvennleg tenesteyting.

Biblioteket tilbyr to digitaliserte utlånstenester og har ein digital lesekongurans kvart år. Det er planlagt innkjøp av nettbrett for publikum i tillegg til publikums-pcane. Det er under planlegging ei kommunal veledningsteneste retta mot innbyggjarane som ikkje har grunnleggande digital kompetanse.

IKT skal vere ein naturleg del av undervisninga i kulturskulen (Rammeplan for kulturskolen, mangfold og fordypning). Slik er det ikkje i kulturskulen per i dag. Det vil bli lagt til rette for at grunnskuleelevarane som er i kulturskulen og kan bruke nettbretta sine i undervisninga der. I samarbeid med oppvekst og e-kommune Sunnmøre blir det planlagt ei svært god løysing for dette. Mest sannsynleg er vi dei første i fylket med slik digital løysing for elevane.

Det førutset at kulturskulelærarane også tar i bruk nettbrett

Det almene kulturområdet nyttar digitale søknadsskjema.

Effektiviseringa i drifta

Kultur har i utgangspunktet eit lite budsjett og utgjer ein stadig mindre del av kommunens totale netto driftsutgifter. Kultureininga har likevel sett på kva måte ein kan få meir ut av pengane og effektivisere drifta. Eit prioritert mål i Kulturplanen for Sula kommune 2017-2021 er å sjå på dagens bibliotekstruktur for å kunne omorganisere personalressursar. Det største innsparingspotensialet ligg i reduserte driftsutgifter til husleige,

straum og reinhald ved filialen. Det vil vere ei fortløpende vurdering om ein skal gjere biblioteket «meirope», noko som vil kreve ein del investeringar. Førerels legg ein berre opp til å ta i bruk ein utlånsautomat for publikum. For Kulturskulen er målet å auke inntektene gjennom storgruppeundervisning. Kultureininga kan effektivisere drifta noko ved å ha betre rutinar på faste oppgåver som blir utført jamnleg.

Behov for nye tiltak og investeringar.

Kostra-tala for 2017 viser at 2,2 % av netto driftsutgifter går til kultur i Sula kommune, det er nedgang frå år til år. Til samanlikning så er tala for kostragruppe 7 på 3,2 %, Møre og Romsdal 3,1 %, og landet utanom Oslo 3,9 %. Gapet mellom Sula kommune og kostragruppe 7 er aukande.

Gode og forutsigbare rammevilkår er kanskje det viktigaste for alle som arbeider med barn og unge, både i det offentlege og i det private. Kommuneplanen sin samfunnssdel (2010 – 2020), sesiår fast at det skal leggast til rette for gode rammevilkår for dei ulike kulturuttrykka. Gode møtearenaer, opplevingar og sunne aktivitetstilbod for barn og unge er viktig som førebyggande (folkehelse-) tiltak i lokalsamfunnet. Kulturplanen for 2017 – 2021 peikar på viktige innsatsområde og tiltak for å nå måla.

Kultur ber om følgjande tiltak (kostnad i budsjettkommentar frå einingseiar) frå 2019:

1. Kulturkarusell til alle 3.klassingar på Sula
2. For å styrke det gode oppvekst- og kulturarbeidet som pågår, er det behov for ei 20 % stilling i fritidsklubben.
3. Som eit første steg på vegn mot "meirope bibliotek" er det lagt inn framlegg til kjøp av ein utlånsautomat for publikum.
4. Endringane i Lov om folkebibliotek frå 01.01.14 slår fast at folkebiblioteka skal vere ein møteplass og ein arena for formidling. Midlar trengs til å dekke honorar og reiseutgifter til forfattarar, foredragshaldarar m.fl., Tiltaka vil vere retta mot målgruppene barn, ungdom og vaksne
5. To av tiltaka i Kulturplanen for 2017 - 2021 er at vi i større grad skal nytte musikarar og kunstnarar frå Sula til konserter og som turnear til skule og barnehage. Dette som eit steg vidare mot kommunen sin visjon, og bygge opp om Sula som kulturkommune.
6. Sulakonferansen – er eit samarbeid mellom det frivillige kulturlivet og kommunen.
7. Musikkbingen flyttast frå Friheim til Langevåg skule, og skal vere ein del av nærmiljøområdet ved ungdomsskulen og barneskulen.

Alt i alt er det frå Kultureininga meldt inn behov for vel 0,5 mill.

Budsjettframlegg frå rådmannen på kulturområdet 2019 – 2022

(For fullstendig oversikt over innmelde behov og kva tiltak som er innarbeid i budsjettframlegget, vert det synt til samla oversikt)

Tiltak som er med i budsjettframlegget

Rådmannen har funne rom for å ta inn Ny utlånsautomat – kr 80 000 i budsjettframlegget for 2019.

Oppsummerande kommentar til budsjett for Kultur- og oppvekstsektoren 2019-budsjettet

KO er ein den største sektoren i kommunen, med 11 driftseininger og mange ulike oppgåver inn mot 2000 barn og unge, og familien deira. I alle barnehagane og skulane er det born med utfordringar av ulike slag. Dersom ein kan møte behova deira tidleg, er mykje vunne.

Veksten i aldersgruppa 0-15 år har sprengt alle prognosar og utfordra både tenesteproduksjon og strategisk planlegging. 11 nye skuleklassar og 7 nye barnehageavdelingar. Dei store kulla beveger seg oppover i grunnskulen, og nye bustadprosjekt berekna for barnefamiliar, er vedtekne i alle krinsane. Alle skulane ser fram



til at Rørstadmarka skule står klar til innflytting – slik at driftsbudsjettet for skulane kan nyttast på ein betre og meir berekraftig måte, enn det som er mogleg med to einparallellskular.

Dersom Sula i framtida får behov for å auke kapasiteten i barnehagane igjen, vil det vere gunstig for økonomien totalt å prioritere å utvide Sunde barnehage til ein fireavdelings-barnehage. Det inneber å bygge nytt, men med den finansieringsordninga som gjeld no, løner det seg for kommunen å ha effektiv drift og kapasitet i dei kommunale barnehagane.

TBU, som i stor grad arbeider inne i alle barnehagane og skulane, har godt merka konsekvensane av veksten. Saman med lovendringar som set større krav til tenesteutøving og pålegg alle dei tre fagområda nye oppgåver, har veksten auka etterspurnaden og presset. Det er behov for ei avklaring om kva standard ein god oppvekst i Sula skal ha. Dei tilsette har høge ambisjonar, vilje og kompetanse, i fleire samanhengar høgare enn rammene tillet. Dei veit at om dei får høve til å dreie fokus over på førebygging, parallelt med å handtere dei pågåande oppgåvene, er det god samfunnsøkonomi med relativt låg økonomisk innsats.

Det tek tid før ein kan hauste gevinsten i kommuneøkonomien, men for den enkelte innbyggjar kjem uttellinga raskt.

4. Helse og sosial

Gapet mellom sentralt uttrykte forventingar om tenester og ressursane kommunen har til å løyse desse oppgåvene, er aukande. Innbyggjarane får stadig nye lovfesta rettar og nye statlege reformer gir kommunane nye oppgåver. Effektar av samhandlingsreforma, nye behandlingsformer og effektivisering ved sjukehusa drar i same retning. Fastlegeordninga er under sterkt press.

Dei nye oppgåvene er ofte ikkje fullfinansiert. Resultatet blir krevjande omstillingssprosessar og hardare prioriteringar. Dette gjer det vanskeleg å drive omstillingasarbeid og finne rom for å prioritere førebyggande arbeid og auke bruken av velferdsteknologi, som i primærhelsemeldinga ([St.m 26, 2014/2015](#)) er peika på som viktige satsingsområde for å møte eldrebølga.

Visjon:

«Mestring og tryggleik for alle»

Tanken bak visjonen er at mestring er viktig i kvardagen for alle, frå dei største oppgåvene i livet til dei kvardagslege. Mestring er eit sentralt omgrep i alt rehabiliteringsarbeid. Opplevd mestring er ein føresetnad for tryggleik. Uhelse, funksjonstap og sosiale utfordringar trugar mestrings- og tryggleikskjensla til den enkelte, og det er i førebygginga, behandlinga, (re)habiliteringa og omsorga knytt til desse utfordringane at sektoren sine kjerneoppgåver ligg.

Lovgrunnlag:

Det meste av verksemda innanfor sektoren er regulert av ulike lover med ei lang rekke av forskrifter, rundskriv og retningslinjer. Vi går i retning mot eit "rettighetssamfunn" der lovverket gir tenestemottakarane rettigheter som kommunen er pliktig til å yte.


Kommunane blei ved den nye helse- og omsorgsteneste-lova pålagt eit «sørge-for-ansvar» som ofte ikkje er nærmare konkretisert enn at tenestene skal vere forsvarlege. Kor den grensa går blir ofte definert av Fylkesmannen gjennom avgjerder i klagesaker.

Dei viktigaste særlovene er:

- Helse- og omsorgstenestelova
- Lov om arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV-lova)
- Lov om sosiale tenester i NAV
- Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarar
- Psykisk helsevernlova
- Pasientrettighetslova
- Helsepersonellova

Organisering:

Sektoren er organisert i 6 driftseiningar. Einingane varierer i storleik og kompleksitet. Einingsleiar har ansvar for fag, økonomi og personell og for løpende drift og utvikling.



Ressursar:

Stillinger

Tenesteområdet helse og sosial disponerer no 246,66 godkjente årsverk, før vedtak for 2019.

STILLINGAR HELSE OG SOSIAL	2019	2018
SUM	246,66	241,37
Helse- og sosialadministrasjonen	1	1
Helseavdelinga	14,12	14,22
NAV-sosial	7	6
Sulatunet	51,1	51,1
Heimetenesta	53,8	53,8
Butenesta	74,29	69,9
Bukollektiva	45,35	45,35

Auken skuldast i hovudsak nye tiltak i Bu og aktivitetstenesta som vart oppretta i budsjettet fom. 2018.

Kompetanse

Tendensen siste åra med aukande spesialisering av oppgåver på primærhelsetenenivå, fører til auka behov for internopplæring. Samhandlingsreforma og den teknologiske utviklinga har ført til oppgåveforskyvingar som ytterlegare har auka behovet for spesialisering på kommunenivå. Det er aukande behov for personell med formell vidareutdanning innan basisfaga. Viljen og interessa til å skaffe seg etter og vidareutdanning er god, og vi har god nytte av ordninga med Kompetanseløftet 2020. Sula nyttar seg av hospitering i helseføretaka eller i andre kommunar med spesialisert kompetanse når ein treng auka kompetanse i høve prosjekt vi driv eller i høve spesielle pasientforløp.

Vi har ein god kompetanseplan, som gir oss oversikt over kompetansebehov i organisasjonen. Denne dannar grunnlaget for planlegging, prioritering og tildeling av statleg øyremerkte opplæringsmidlar tildelt via Fylkesmannen (Kompetanseløftet 2020).

Vi har som mål å heile tida ha i gong nokre felles hovudsatsingsområde for utvikling og kompetanseheving. Vi erfarer at slike spesialiserte satsingar også gir eit generelt kvalitets- og kompetanseløft for tenestene. Dette er ein medviten strategi. Døme på slike satsingar er:

- ✓ Etisk refleksjon, vi har til ei kvar tid fleire refleksjonsgrupper i sving i dei ulike einingane. Målet for 2019 er å i større grad gjere dette til eit leiarverktøy for fagleg kompetanseheving og bygging av gode helse- og omsorgskulturar. I tillegg skal vi bruke etisk refleksjon i fleire større utviklingsprosjekt i sektoren.
- ✓ Leiarutviklingsprogram for alle einingsleiarar og avd.leiarar, i nært samarbeid og med støtte frå NAV. Programmet blir vidareført i 2019, og målet er å styrke den positive trenden i sjukefråvær og legge til rette for tenester med god fagleg og etisk standard.
- ✓ Lindrande behandling – omsorg ved livets slutt. Prosjektet er støtta av Helsedirektoratet og Fylkesmannen, og omfattar fleire av omsorgseiningane i kommunen. Vi fekk tildelt midlar til nytt prosjekt innan palliasjon i 2014, som er vidareført i 2015, 2016 og 2017. Her er vi no gått inn i ein ny prosjektperiode, der Sula er vert for eit samarbeidsprosjekt som involverer alle kommunane i fylket og helseføretaket. Prosjektet har no fått namnet Palliativ plan i Møre og Romsdal.
- ✓ Dropp inn – ikkje ut. Dette er eit prosjekt for å etablere dagtilbod til utviklingshemma med åtferdsutfordringar, som ikkje klarer å gjere seg nytte av dei eksisterande dagtilboda vi rår over. Prosjektet fekk fornya støtte i 2016 og 2017. Prosjektet vil bli avslutta og implementert i ordinær drift frå 2019.
- ✓ Velferdsteknologi vert ei ny stor satsing for oss, som heng heilskapleg saman med mange av prosjekta over. Satsing på teknologi skal hjelpe oss å betre nå målet i visjonen vår om «mestring og tryggleik for alle». Vi fekk i 2018 støtte til dette prosjektet frå Fylkesmannen, og vil søke om fornya støtte i 2019.

Denne typen satsingar er vanskeleg for oss å prioritere innanfor dei rammene vi rår over, både når det gjeld tid og ressursar. Vi har difor lagt mykje arbeid i å utvikle prosjekt som også vert oppfatta som interessante utover kommunen, og som slik har fått støtte gjennom eksterne midlar. I tabellen under er nokre av fellessatsingane våre lista opp:



Prosjektet Palliativ plan i Møre og Romsdal, som vert leia frå Sula, fekk Fylkesmannen sin omsorgspris i 2018.

Felles utv.prosjekt	Støttespelar	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Leiarutvikling HS	NAV	40'	42'	42'				
Etikksatsing	Fylkesmannen	50'		150'				
Palliativ plan i M & R (tidlegare lindrande behandling)	Helsedirektoratet	810'	400'	500'	400'	1 400	1 200	Fv*
Dropp inn – ikkje ut	Helsedirektoratet		350'	375'	350'		0	
Velferdsteknologi	Fylkesmannen						200'	Fv*

*Forventa vidareføring av økonomisk støtte

Vi har også medvite satsa på å tilsette kompetanse og funksjonar som er viktig på tvers av sektoren (og utanfor), gjennom å søkje støtteordningar som har gjort det mogleg for oss å prioritere dette. Vidare har vi lagt mykje arbeid i å nytte oss av støtteordningar for å legge til rette for vidareutdanning av eigne tilsette. Døme på denne typen støtteordningar er lista opp under (*Forventa vidareføring):

Støtteordning/funksjon	Støttespelar	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunepsykolog	Helsedirektoratet			510'	400'	400'		Fv*
Kreftkoordinator	Kreftforeningen	216'	216'	180'	140'	75'	25'	0
Ruskonsulent	Fylkesmannen		550'	550'	550'	550		
God Helse-partnarskap/ folkehelsekoordinator	M&R fylke	125'	125'	125'	125'	125	125'	Fv*
Kompetanseløftet 2015	Fylkesmannen	101'	249'	238'	237'	180	140'	Fv*

*Forventa vidareføring av økonomisk støtte


Det er viktig å understreke at vi ikkje jaktar ekstern finansiering for finansieringa si eiga skuld; det ligg ein gjennomtenkt strategi bak satsingane, forankra i planverk og tenestene sine uttrykte behov.

HMT:

Det meldast om høgt tempo i alle einingane. Vi ser som vanleg svingingar i fråveret.

Fråveret i sektoren steig i vinter. Gjennomsnittleg fråvær 1. halvår 2018 var 11,4%, men syner no ein fallande tendens igjen.

Samla fråvær i sektoren har vore akseptabelt og har lagt under bransjesnittet når ein samanliknar med tilsvarande verksemrd. Bransjesnittet for 2. kvartal 2017 tom 1.kvartal 2018 var 11,4%. Gjennomsnittet



i kommunane samla i same periode var 10% (Kjelde PAI/KS).

Det har blitt tatt grep for å trygge arbeidsmiljøet rundt brukarar med krevjande åtferd i butenesta. Auka bemanning og konkrete tiltak har betra arbeidstilhøva og auka tryggleiken til dei tilsette, men mange tilsette har framleis krevjande arbeidskvardagar med eit fysisk arbeidsmiljø som ikkje er godt nok. Ulike strakstiltak vert sett i verk, men på sikt er løysinga betre tilpassa bustadar.

Heimetenesta har flytt til Stadsnesvegen 9A og har fått tenlege lokale, men det er ikkje rom for å samorganisere og samlokalisere heimetenesta i ein felles base.

Helseavdelinga får tilsvarande ei naudsynt utviding og oppgradering av lokala. Det gir rom for fleire legar og muleggjer samlokalisering av alle legane på Sula, noko som er bra både fagleg og økonomisk.

Situasjonen for NAV-kontoret er framleis uløyst. Der var 9 årsverk i 2009 og dei er 17 faste årsverk no. Strakstiltak kan bøte på noko, men situasjonen er uhaldbar på lengre sikt.

Gjengangar i vernerunderrapportane er uro knytt til for stor arbeidsmengd og tempo, særleg i heimetenestene, men alle einingane har stor arbeidsbelastning. Det er aukande uro knytt til akutt plassmangel i fleire einingar. Det er no gjort vedtak om tiltak for å bøte på plassproblema til heimetenesta og helseavdelinga, men plassmangelen i NAV-kontoret er ikkje løyst.

IKT:



Einingane er heilt avhengige av ei stabil og god IKT-drift for å kunne yte kvalitetstenester på ein forsvarleg og rasjonell måte. 24/7 programma må ha, prioritet på oppetid og funksjonalitet. Periodevis har vi for mykje plunder og heft med fagsystema til legane (CGM) og NAV, noko som påverkar arbeidsmiljøet og dreg ressursar vekk frå primæroppgåvane og belastar leiing – vi blir mindre effektive.

Innføring av «meldingsløftet» har vore ei stor satsing. Meldingsløftet er ei sikker kommunikasjonsplattform for utveksling av sensitiv pasientinformasjon mellom kommunen og spesialisthelsetenesta og internt i kommunen. Systemet vert stadig utvida og vert breidda ut til å omfatte nye meldingstypar og nye einingar vert kopla på.

Datatafikken går over nasjonalt HelseNett. Tryggleikskrava er svært strenge og kommunen må dokumentere at ein stettar dei nasjonale krava i «Normen».

Hausten 2015 vart heimetenesta utstyrt med mobile terminalar. Erfaringane er dei aller beste. Tida er moden for å bygge ut systemet vidare. I nærmaste framtid vert modul for eLås i fagsystemet Gerica og medisindispensarar tekne i bruk. Formålet med eLås er å minimere tida dei tilsette bruker på nøkkelausting, og minimere risikoen for at nøklar kjem på avvege. Fordalar for dei tilsette er at dei alltid har «rett nøkkel» med seg, sjølv om ein får ekstraoppdrag undervegs. Tilgangsstyring via fagprogrammet og loggføring gir ekstra tryggleik. eLås monterast enkelt utanpå eksisterande låskasse. Meir info om eLås:

<https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen-21/NNFA21060115/01-06-2015#t=12m26s>



Vi ser at framtida er digital og kraftige nok linjer (i praksis fibersamband) fram til kommunale bygg er avgjeraende for forsvarleg og effektiv drift. Framføring av fiber og utbygging av trålaust nett i helse- og omsorgsbygga kjem på plass i HDO-bygga i samband med opprusting av IKT-infrastrukturen i bygga. Viktig for å kunne få full effekt av velferdsteknologien (VFT), e-læringsmodular og trålaust nett er etterspurt av både brukarar og pårørande.

Pasientvarslingssistema i heildøgns omsorgstilboda (HDO) våre, er ikkje tilpassa dagens velferdsteknologi (VFT). Systema er dessutan gamle og ustabile med mykje feil og manglar. Kommunestyret vedtok derfor i K-sak 055/17 å skifte ut desse anlegga til moderne anlegg tilpassa ny og auka bruk av VFT. Dette arbeidet er i full gang og nye anlegg vil kome på plass ila 2018/primo 2019.

Vidare vert det arbeidd med å legge til rette for same plattforma for VFT i resten av tenestene. Sula kommune har nyleg kjøpt lisens for å bruke same plattform (Sensio Unity) for VFT i omsorgsboligar og i private heimar og vi har vore med på ein felles kjøp av tryggleikspakke til bruk i private heimar. Det betyr at Sula kommune sin posisjon blir unik ved at all VFT vil kommunisere på same plattforma. Dette vil vere ein stor føremón både for brukarar, tilsette og drift.

I 2019 vil vi utarbeide ein strategi med handlingsplan for satsinga vår på VFT.

Bygningar:

Bygga vi har til rådvelde er på det jamne av god teknisk kvalitet, men mange eininger opplever reell plassmangel og nokre av bygga er lite tenlege og ikkje tilpassa korkje brukarane eller dei tilsette sine behov. Ad hoc-løysingar vert brukt i stor grad. Behovet for å samle fleire helse- og omsorgsfunksjonar i eit «Helsehus» er stort. Samling av helse- og omsorgsfunksjonar og TBU og gjerne også eksterne helse- og sosialfaglege funksjonar, som NAV, apotek mfl., vil skape eit fagleg og kompetent senter for primærhelsetenester og tidleg og byggande innsats.

Fagleg samlokalisering i helsehus vil vere eit viktig fagleg og rasjonelt tiltak for å møte utfordringane kommunen får i framtida, uavhengig av kommunestruktur. Det vart lagt inn løyvingar til helsehus i 2016, fom 2018 vart løyvingane tatt ut att.

For å løyse på nokre av dei akutte plassproblema, kjøpte kommunen 1. og 2. et i Stadsnesvegen 9. Med dette grepset, kjøpte kommunen seg noko tid. Heile 1. et vert ila 2018 tatt i bruk til helsestasjon og heimetenester som med det vil få tilfredstillande lokale. Men det er ikkje rom for å samlokalisere heimetenestene i ein felles base, slik ein har tenkt og som òg vart peika på i tenesteanalysen frå Agenda Kaupang.

Helseavdelinga får løyst sine plassproblem ved at det er løyvd midlar til naudsynte tiltak i 2. et. som no vil bli disponert av helseavdelinga åleine. Det vil gi rom nok til fleire legar, ei ekstra skiftestove, ein lab nr 2 og betre fasilitetar for pasientar og pårørande.

NAV har framleis for lite plass og utfordringa er framleis uløyst. Der var 9 årsverk i 2009 og dei er 17 faste årsverk no. Strakstiltak kan bøte på noko, men situasjonen er uhaldbar på lengre sikt.

Sulatunet har arealknapphet. Mangelen på større samlingsrom til festar, kulturinnslag, kontor, garderobar, lager m.m. er stor. Når heimetenestene flyttar ut i 2018 vil frigjorte lokale gi rom for å betre tilhøva både for bebuarar og tilsette. Det er no laga ei skisse for korleis lokale kan tilpassast. Det er laga kostnadsoverslag og det blir foreslått løyving i til prosjektet i budsjettframlegget.

Storkjøkkenet ved Sulatunet er sprengt på kapasitet og plass og behovet for vedlikehald etter over 20 års intensiv drift, er påtrengande.

Meir detaljar om behov for omsorgsbygg kan lesast i helse- og omsorgsplanen og i budsjettframlegga frå einingsleiarane.

Kvalitet:

Det vert gjennomført brukarundersøkingar mot slutten av 2018.

Det er få som formelt klagar på tenestevedtak eller utøvinga av tenestene. Det er likevel aukande tilbakemeldingar på at tenestetildelingane er for knappe, spesielt for heimetenestene og avlastingstenestene. Behova vert vurdert som reelle og dei overstig tildelte rammer i budsjettet.

Rammer:

Rammene er knappe. Ramma i økonomiplanen vert vidareført med mindre endringar. Drifta kan vidareførast på dagens nivå og aukast på nokre få område. På andre område er det pågående tiltak som manglar finansiering, t.d. avlastning for barn og BPA.

Ramma er tatt ned med vel 1 million pga. bortfall av betalingsplikt for ressurskrevjande brukar i annan kommune (oppinneleg frå Sula). Nedtrekket vart gjort i HBO sitt budsjettframlegg før salderingsarbeidet starta.

Som vanleg er lista over melde tiltak lang, jf. eiga liste bak i heftet. Også i 2019 er det tiltak til yngre personar som krev prioritet, auka behov i heimetenesta og butenesta pga. personar med psykisk liding og/eller psykisk utviklingshemming som krev meir tenester pga. krevjande åferd. Konkret gjeld det no behov for auka bemanning til ekstra nattevakt med heimel i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. om rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming (tvangsvedtak) og styrking kring brukar med alvorleg kronisk psykisk liding (2:1-brukar)

Konsekvensen blir at viktige tiltak i dei andre einingane ikkje kan prioriterast og blir «sett på vent».

KOSTRA-tala syner at kommunen bruker lite på dei ulike deltenestene samanlikna med andre.

Utvalgte KOSTRA-nøkeltall, kommunar - nivå 1 (konserntal)	1531 Sula	1531 Sula	1532 Giske	1504 Ålesund	Kommune-gr. 07	Gj.snitt Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo
	2016	2017	2017	2017	2017	2017	2017
Prioritering							
Nto driftsutg. pr. innbygger i kroner, diagnose, behandling, rehabilitering	2 214	1 569	1 620	1 349	1 508	1 832	1 833
Nto driftsutg. pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorg	16 125	17 670	14 566	17 919	15 202	20 476	17 774
Nto driftsutgifter til sosialtenesten pr. innbygger	945	844	1 069	2 042	1 976	1 909	2 609
Dekningsgrad							
Legeårsverk pr 10 000 innbygg, kommunehelsefjenesten	8,7	8,5	10,9	11,7	9,8	11,8	11,1
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbygg, kommunehelsefj.	6,8	6,8	6,5	7,5	9,8	11,8	9,5
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	1,7	1,7	1,9	12,9	11,1	13,1	12,6
Andel sosialhjelpsmottakere 20-66 år, av innbygg. 20-66 år	1,3	1,2	2,4	3,2	3,5	3,5	4,3
Produktivitet / enhetskostnader							
Korrigerte bto driftsutgifter pr. hjemmetjenestemottaker i kr.	311 780	318 529	463 928	252 577	243 800	272 368	256 223
Korrigerte bto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	958 625	1 032 640	1 006 625	1 202 335	1 134 487	1 103 729	1 140 445

Kjelde: www.kostra.no, og Framsikt AS

Statsbudsjettet 2019

Ikkje dei store utslaga for 2019.

Det er lagt inn ei føring om styrking av rehabiliteringsfeltet med kr 172.000. Midlane er brukt til delfinansiering av 40% stilling for ergoterapeut slik at stillinga blir 100% til saman.

Det er ikkje oppnådd semje mellom staten og legeforeninga (DNLF) om takstforhandlingar for fastlegar. Statens siste tilbod står då ved lag. Der aukar pr.capita-tilskotet med kr 35 (7,8%), noko som utgjer knapt kr 250.000 for Sula kommune. I statsbudsjettet er ramma vår kompensert med kr 167.000.

I Sula har vi derimot ikkje hovudmodell, men har ein modell for alle legane, unntatt Vågen legekontor, der vi held hjelpepersonell, utstyr og lokale mot at lege avstår pr.capita-tilskot og praksis-kompensasjon. Vågen legekontor får oppgjer etter hovudmodell. Dette gjer at vi blir lite råka av desse forhandlingane på kort sikt. Auken i

overføringane til Vågen legekontor er handtert innanfor ramma til helseavdelinga. Rammetilskotsauken er derfor, i denne omgang, lagt inn i salderinga.

Betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse og rus, blir lovpålagt fom 01.01.19 på same vis som for somatikken. Helseføretaka vert trekt i ramma pga. forventa reduksjon i liggedøgn og midlane vert fordelt på kommunane etter fordelingsnøkkelen. Sula sin berekna andel er kr 309.000. Midlane vert lagt til omsorgskontoret (tiltakskontoret) vårt. Det lukkast vi godt med då betalingsplikt for somatikken vart innført, Sula har knapt betalt «helsebot».

Det er òg lagt inn ei føring om styrking med tilvising til opptrappingsplanen for rusfeltet med kr 221.000. Midlane er lagt inn som delfinansiering avrådgjevar Kap 9-stillinga i BUA. Ruskonsulentstilling vart fullfinansiert i fjor av satsingsmidlane.

Behov:

Einingane melder om mange vel dokumenterte behov, både for stillingar og utstyr. Det er først og fremst mangelen på hender som går igjen, men òg arealknapphet og lite tenlege bygg på nokre område, gjer seg sterkt gjeldande, på kort sikt mest prekært på NAV og BUA.

Melde behov som rådmannen har tatt med i framlegget:

Drift:

Ny tiltak HS	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Ergoterapi 40 % stilling (172.000 ligg i rammetilskotet)	220 000	220 000	220 000	220 000
Ressurskrevande brukarar	2 400 000	2 400 000	2 400 000	2 400 000
Auka kostnad legevakt, nødnett 113 sentralen, beredskap	350 000	350 000	350 000	350 000
Rådgjevar kap. 9/fagutvikling, bu og aktivitetstenesta	350 000	700 000	700 000	700 000

- Ergoterapistillinga aukar kapasiteten noko. Viktig for vidareføring av kvardagsrehabiliteringsprosjektet vårt.
- Nettobeløp for to nye tiltak, ein ny ressurskrevjande brukar og utviding av tiltak for ein annan. Bruttobeløpet er langt høgre, men vi får refundert storparten frå staten. Utgjer nærmere 10 årsverk.
- Rådgjevarstilling kap 9 er svært viktig av fleire årsaker. Eininga er den desidert største i kommunen med nær 80 årsverk og vi veit at den vil vokse vidare. Eininga gir tilbod til dei mest krevjande brukarane, spesielt knytt til regelverket om bruk av bruk av tvang og makt. Fagleg støtte/avlasting for einingsleiar og avd.leiarane er viktig for å lukkast i denne tenesta, noko som også Agenda Kaupang peika på i sin rapport.

Investering:

Investeringar HS	2 019	2 020	2 021	2 022
Bilar heimetenesta i hht utskiftingsplan	840 000	840 000	840 000	840 000
Nye møbler Sulatun, utskiftingsplan	200 000	200 000	-	-
Sulatunet ventilasjon, oppgradering/enøk	500 000	500 000	-	-
Boliger for funksjonshemma. Tomt, anslag	-	-	3 200 000	-
Boliger for funksjonshemma. Byggekostnad (erfaringstal)	500 000	-	9 250 000	9 250 000
Ombygging Sulatunet, oppgradering, fellesstove, kontor, ..	3 000 000	-	-	-

- Boligar for funksjonshemma med spesielle behov er lagt inn med anslag for tomt og erfaringstal prosjektering og byggekostnader. Det er gode tilskotsordninga i Husbanken for slike bygg og beboarane vil betale husleige.

- Ombygginga på Sulatunet er ei tillengta tilbakeføring av funksjonar etter at HBO flytta ut. Fellesarealet er nedslitne og behovet for eit vedlikehaldsløft er stort. Planen er å bygge ut fellesarealet frå «glashuset» og litt innover i kontorfløya og få ny og større stue der. Kontora blir flytta til gamle HBO-lokala og kantina får ei naudsynt oppgradering. Det blir lagt til rette for auka involvering av pårørande og frivillige (t.d. kafédrift).

Det er ikkje funne rom for nye lokalar for NAV Sula som slit med store plassproblem. Då kontoret opna for 8 år sidan var der 9 stillingar, i dag er der 17. Ein vil prøve å bøte på situasjonen med nye strakstiltak.

Det er heller ikkje funn rom i økonomiplanen for vidare kapasitetsutvidingar i heildøgns omsorgsplassar. Midlane vart tekne ut for to år sidan med begrunnning av at ein hadde meir tid. Framskrivningane synet no at tal eldre vil stige sterkt frå 2023 og utover. Det er fire år til.

Behov for meir tenelege bustadar for yngre personar med utviklingshemmingar og åtferdsproblematikk er erkjent. Det er lagt inn i midlar til tomt, prosjektering og byggekostnader i rådmannen sitt forslag.

For fullstendig oversikt over kva som er tatt med og ikkje, av melde behov, visast det til tabellane bak i heftet og til framlegga frå einingsleiarane.

Øyremerka tilskot

Den kulturelle spaserstokken

Sula har mottatt om lag kr 55 000 dei siste åra. Midlane har finansiert ulike kulturtiltak der «Syng med oss» har vore det viktigaste tiltaket. 5-6 arrangement pr. år med ei gjennomsnittleg deltaking på 80-120 personar. Vi når mange og det kostar lite.

Investeringstilskot for sjukeheimar og omsorgsbustadar

Tilskotet vert vidareført, men vert no fordelt med 50/50 på nybygg og rehabilitering. Opplegget med overgang mot tilskot berre til prosjekt som gir netto tilvekst vert med dette endre. Nettotilveksten ramma gir rom for, er om lag 1.500 nye plassar.

Gjeldande maksimale godkjente anleggskostnader er 3,144 mill. kroner (2018-tal). Det blir gitt 45% tilskot pr. plass i omsorgsbustad og 55% tilskot pr. institusjonsplass, inntil maks anleggskostnad. Dette betyr i berekna tilskot inntil kr 1,415 mill. pr. omsorgsbustad og inntil kr 1,73 mill. pr. institusjonsplass. Satsane er så gode at om ein investerer smart, vil tilskot og husleige dekke mesteparten av investeringa, kanskje heile.

Det blir gitt tilskot til oppgradering og fornying av pasientvarslingsanlegg med inntil 55%. Sula kommune har fått tilsagn om ca. 8 million i tilskot etter denne ordninga i 2018.

Tilskot til ressurskrevjande brukarar

Innslagspunktet er i statsbudsjettet er foreslått auka til kr 1 320 000 pr. brukar, som er ei auke ut over det som følger av anslått lønnsvekst for 2018 på 50 000 kroner. Med 10 brukarar utgjer dette 0,5 million for Sula kommune. Denne mekanismen skjer kvart år. Innslagspunktet for personar med psykisk utviklingshemming får tilsvarande heving, til ca. kr 2 million. Tilskotsprosenten for beløp over innslagspunktet, er foreslått til 80%, noko som er uendra.

Integreringstilskot flyktninger

På det tidspunktet rådmannen legg fram budsjettet har IMDI ikkje oppmoda kommunen om å busette nye flyktningar i 2018 og utetter. I rådmannen sitt framlegg har vi lagt inn forventa inntekter for flyktningar som er etablert og i tillegg har vi teke høgd for inntil 10 nye personar. Forventa utgifter er lagt inn i einingane sine respektive budsjett. Her er budsjettodynamikken slik at om vi får færre eller fleire flyktningar enn budsjettet, blir det høvesvis meir-/mindreforbruk som må justerast mot integreringstilskotet/fond. Vi budsjetterer med netto 0,

dvs. at integreringstilskotet skal dekke integreringsutgiftene på kommunenivå. Til no har dette gått bra, og vi har sett av eit mindre «overskot» på disposisjonsfondet.

Utfordringar:

Sula kommune har hatt over 70% vekst i den eldste delen av befolkninga (80+) siste 15 åra. Vi har same tal døgnbemanna bustadar no som for 15 år sidan. Tenestene har derfor gjennomgått store omstillingar. Helse- og sosialtenestene si utfordring er å holde tritt med veksten i etterspurnaden, og samstundes unngå at kvaliteten i tenestene blir svekka. Veksten i tal eldre komande tiår må møtast med nye grep og metodar som auka bruk av velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering. Dette fører til oppgåveforskyving med auka behov for innovasjon, ny kompetanse og omstilling i tenestene.

Generelt kan ein seie at utfordringsbiletet for helse- og omsorgstenestene framover står framfor:

- MEIR oppgåver. Både i volum pga. demografiske endringar og i kompleksitet pga. medisinsk teknologisk utvikling, behov for ytterlegare spesialisering av sjukehusa og politisk ønska oppgåveoverføringer.
- FÆRRE: høvesvis færre kompetente tilsette til å utføre oppgåvene. Kampen om arbeidskrafta er i gang. Vi opplever aukande rekrutteringsvanskar.
- BETRE: Det blir stilt stadig strengare krav til kvalitet og sørvis og oppfylling av rettigheter.
- MINDRE: Det blir mindre pengar og mindre vekst enn både den demografiske og teknologiske utviklinga tilseier

Det skal ikkje mykje fantasi til å skjøne at tenestene står overfor store utfordringar. Digitaliser Ing, kompetanseutvikling i alle ledd, auka bruk av velferdsteknologi og tenesteinnovasjon blir som nemnt peika på av myndighetene som viktige grep for å møte desse utfordringane. 2018 vart starten på ei tyngre og årelang satsing på desse områda i helse- og omsorgstenestene i Sula. Denne satsinga har ei kostnadsside som det i noko grad er teke høgd for i IKT-budsjettet.

Siste åra har vi fått styrka heimetenesta. Kapasitetsauken ved oppstart av Molværsvegen 17 viser seg. Frigjort tid blir vridd i retning av å kome tidlegare inn og trenere brukarar meir heime. Vi ser gode resultat av kvardagsrehabiliteringsprosjektet vårt og det er ønskeleg å auke innsatsen ytterlegare i den retninga. Slik utvikling er i tråd med vår omsorgsideologi, den er fagleg rett, den er i tråd med brukarar sine eigne ønske og den er rimelegast. Derfor står ønsket om å styrke fysioterapiressursen og ergoterapiressursen høgt på «ønskelista».

Nye brukarar kan ikkje bli ståande utan eit forsvarleg tenestetilbod, og hovudutfordringa er, og blir, å kunne ta inn nye brukarar i tenestene våre utan å få auka ressursane tilsvarande. Det er ei kjennsgjerning at yngreomsorga er krevjande. I Norge er det grovt sett slik at 1/3 av brukarane (oftast yngre) tar 2/3 av ressursane. Biletet er gjenkjenneleg i Sula. Det blir derfor ekstra krevjande å prioritere eldreomsorg og auka førebyggande innsats og finne ressursar til tenesteinnovasjon og auka bruk av velferdsteknologi.

I tillegg fører samhandlingsreforma, nye behandlingsmetodar og effektiviseringsprosessane ved sjukehusa til ubønhøyrleg flytting av oppgåver over på kommunane. Målsettinga for liggetid i Helse M&R (nyleg justert ned), er at gjennomsnittleg liggetid skal ytterlegare ned til 3,2 døgn. Særleg heimetenestene merkar dette.

Befolkningsutvikling og dekningsgrad heildøgns omsorg (HDO)

Sula kommune vil få ein sterk vekst i dei eldste aldersgruppene i åra som kjem. Veksten akselererer i flg. framskrivingane frå 2023.


Faktiske tal for 80+ i 1999 var 257 personar og vi hadde 76 plassar for heildøgns omsorg (HDO-plassar) for eldre. 01.01.18 var talet 412 og vi har no 90 HDO-plassar. I denne veksten har personar 90+ har auka frå 45 til 85 personar. Erfaringsvis krever 50% i denne gruppa eit HDO-tilbod.

Vi har altså bak oss ein vekst på om lag 70% siste 15-20 år blant dei eldste (eldrebølge 1), med beskjeden auke i HDO-plassar. Ressursveksten i same periode har hovudsakleg gått til styrking av «yngreomsorga».

Utvikling folketall 67-79 år, 80-89 år og 90

år + i kommunen per 1.1


(2018 = 0, SSB MMMM-alternativet / kommunens egen
fremskriving)



Ser vi framover, er det langsiktige biletet eintydig – relativt stabilt 80+ komande år, før vi får ein ny kraftig vekst frå ca. 2023 (eldrebølge 2). Dette er lett å skjøne når vi ser kor sterkt gruppa 67-69 veks, den vil vekse med 40% fram mot 2027. Tilsvarande vekst får vi i 80+ og 90+, med nokre års forskjelling.

Utgiftsbehov demografi pleie og omsorg

(målt ved inngangen til det enkelte år)



Utgiftsbehovet vil auke med 20% i flg. framskrivingane, i same periode.

Sula kommune har lav dekningsgrad har for HDO for eldre samanlikna med landet og kommunane i M&R jf. figuren under. Det er få i dei eldste aldersgruppene som har tilbod om HDO i Sula samanlikna med landet. Det betyr at tilsvarende fleire bur i eigen heim med bistand frå heimetenestene.

Dekningsgrad HDO eldre:

Namn	2010 faktiske tal	2015 faktiske tal	2020	2025	2030	2035	2040
Sulatunet – institusjon + bukollektiv, tal bustadar	48	48	48	48	48	48	48
Bukollektiv Molværsvegen 15&17	16	16	16	16	16	16	16
Bukollektiv Sloghaugvn. 28	16	16	16	16	16	16	16
Nytt bukollektiv Molværsvegen			10	10	10	10	10
SUM	80	80	90	90	90	90	90
Tal på personar 80år +	378	435	396	427	546	670	812
Prosent deknning (avrunda til nærmaste heile %)	21	18	22	21	16	13	11
25% deknning 80+ (normtal)	95	109	99	107	137	168	203
Underdeknning HDO, faktisk tal	15	29	9	17	47	78	113

Gul: Faretrugande låg dekningsgrad

Oransje: Dekningsgrad på grensa til kritisk

Raud: Kritisk låg dekningsgrad

(Kjelde: [Gjeldande helse- og omsorgsplan](#))

Sula kommune, til liks med andre kommunar, har erfart at staten sitt normtal på 25% dekningsgrad er for lågt. Denne dekningsgraden vert opplevd å vere knapp sjølv om ein berre skal dekke behovet til eldre (80+). 412 personar eldre enn 80 år pr. 1. januar 2018 og 90 plassar til HDO, gir ein dekningsgrad på 21,85%. Tabellen over er 4 år gammal og den seier at vi i 2020 skulle hatt 22%, noko vi som nemnt har alt i 2018. Om denne trenden held seg, vil vi kome inn i «oransje og raud sone» lenge før 2030, som igjen betyr at nye investeringstiltak i HDO-bygg, truleg må forserast.

Når ein vurderer dekningsgrad for heildøgns omsorg (HDO), må ein alltid vurdere kapasiteten til den ambulante heimetenesta samstundes. Låg dekningsgrad HDO kan kompenserast med heimetenesteorientering av omsorgstenesta. Det vil seie ei kompetent og godt utrusta ambulant heimeteneste med tilsvarende god kapasitet. Poenget er at det må vere samsvar og balanse, slik at det samla tilbodet blir tilstrekkeleg og godt nok (forsvarleg).

Vi er no uroa for denne balansen. Når ein reknar inn at veksten i heimetenestene hovudsakleg har kome i «yngreomsorga» siste åra og at sjukehusa sparer og effektiviserer, forklarar det godt kvifor heimetenestene i lang tid har rapportert om kapasitetsvanskar.

Samanhengane mellom befolkningsutvikling, tenesteprofil og økonomi er grundig belyst i [helse og omsorgsplanen](#). Der er også balansen mellom HDO-plassar til eldre og funksjonshemma belyst.

Det er sjølv sagt flott at mange klarer seg heime. Det er i tråd med det dei aller fleste ønsker, det er i tråd med omsorgsideologien i kommunen og det er bra for kommuneøkonomien. Men det er ei grense for kor effektivt heimetenesta kan vere. Kommunestyret vedtok å styrke heimetenestene i 2015 og 2016, men kapasiteten opplevast framleis knapp.

I budsjettframlegget for 2019 er styrking av tilbodet til funksjonshemma som er prioritert. Behova i andre einingar blir med det i hovudsak sett på vent. Det er ikkje ønskeleg og vil gå utover utviklingsarbeid og presse tenestene ytterlegare, men rådmannen vurderer at rammene toler ikkje større vekst enn det som alt er lagt inn.

Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma utfordrar kommunane på fleire måtar. Ressursdiskusjonen har fått mest merksemd til no. Sula kommune har til no hatt god kontroll i forhold finansieringsordninga for utskrivingsklare pasientar.

Kombinasjonen stram sjukehusøkonomi og rivande medisinsk teknologisk utvikling fører i sum til auka press på kommunane. Helse M&R skal spare 450 million kroner på drifta for å makte eigenfinansieringsdelen for SNR.

Kortare liggetider og forventing om at kommunane skal handtere stadig meir avanserte behandlingsregimer i forlenginga av sjukehusbehandling, blir resultatet. Vi får utfordring med å rekruttere og utvikle kompetanse.

Personellet vårt synest dei nye oppgåvene er spanande, men at det er for lite tid og ressursar til å kunne makte det på ein forsvarleg måte. Prosessane er ikkje synkroniserte godt nok og synast underfinansierte.

Samhandlingsreforma rullar uansett vidare og frå 01.01.19 blir det innført betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse og rus. Helseføretaka blir trekt i rammene for dette og midlane vert overført til kommunane som kompensasjon for auka utgifter der. Sula kommune sin del er berekna til kr 309.000. Midlane er sett av til styrking av omsorgskontoret.

Åtferdsproblematikk

Vi ser ein stor auke i krevjande åtferdsproblematikk. Brukarar med krevjande åtferd utfordrar oss med omsyn til kompetanse og tryggleik for personalet. Fleire alvorlege HMT-avvik siste åra har gjort det naudsynt med betydelege styrkingstiltak. Utan den statlege toppfinansieringsordninga, hadde vi ikkje makta ei slik satsing.

BUA veks jamt og vil vekse framover. Det er derfor på høg tid å styrke leiingsfunksjonen. Det vert derfor foreslått ny rådgjevarstilling som skal ha hovudoppgåver inn mot tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming og fagutvikling/opplæring av personalet.

Fleire personar med liknande vanskar vil i løpet av få år vil søke tilbod frå kommunen. For å kunne gi desse personane eit godt nok tilbod innanfor ei forsvarleg ressursramme, må vi tenke nytt. Bustadmassen vi til no har hatt til funksjonshemma, er ikkje godt nok eigna til denne gruppa, jf. rapporten frå Agenda Kaupang. Det blir behov for nye bustadar i bufellesskap med personalbasen smart plassert i høve bustadane. Vi må bygge lurt for å drifte godt og rimeleg. Nærare omtale av dette er gitt i Bustad-sosial handlingsplan, Helse og omsorgsplanen og rapporten frå Agenda Kaupang. Det blir lagt inn investeringsmidlar til nye boligar i budsjettframlegget.

Rekruttering

Vi merkar at det har blitt vanskelegare over tid å rekrutttere fagfolk. Særleg innan omsorgstenestene har dette vore merkbart siste åra. Vi merkar at helseføretak og Ålesund kommune mfl. nyttar lønn aktivt i rekrutteringskampen og tilbyr no opp mot kr 50.000 pr. år høgre lønn til sjukepleiarar. Vi har fått dei første varsla frå tilsette som søker seg bort frå Sula grunna lønn. Denne utviklinga må vurderast utlikna.

Av same grunn er vi heilt avhengige av å nytte vikarbyrå i periodar. Bruken av vikarbyrå har auka. Det er derfor viktig å ha offensive strategiar for å møte konkurransen om arbeidskrafta. Å huke tak i ungdommane ved t.d. å tilby gode lærlingplassar, er noko kommunen er medviten på og gjennomfører i praksis. Vi har òg gjort oss erfaringar med alternative arbeidstidsordningar (langturnus), noko som har synt seg populært og eit godt rekrutteringstiltak, men det er og utfordringar knytt til det. Med omsyn til kvalitet har slike ordningar klare føremoner, då bruken av små stillingar går ned. For brukarane betyr dette færre personar å forhalde seg til og for kommunen færre å lære opp osb.

Det kunne sikkert vore gjort meir for å utvikle ein sterkare heiltidskultur i kommunen og særleg innan omsorgsyrka, sjølv om mellombelse undersøkingar til no viser at stoda ikkje er noko verre enn i andre kommunar. T.d. syner tilgjengeleg KS-statistikk (PAI-registeret) at gjennomsnittleg stillingsstorleik for turnuspersonell i helse- og omsorg i Sula kommune pr. 01.12.2017 var 70,5%, noko som plasserer oss blant dei beste i fylket. Gjennomsnittet i landet var 65% og Ålesund 64%. Det er ikkje funne rom for å sette av prosjektmidlar til utvikling av heiltidskultur i Sula kommune komande år. Tema vil likevel står på dagsordenen innanfor gjeldande rammer.

Utfordringane med rekruttering og uønska deltid trugar kvaliteten på tenestene og vil i aukande grad truge kommunane sin evne til å levere lovpålagde tenester. Problemstillinga omfattar alle kommunar og lar seg neppe løyse utan eit nasjonalt løft for omsorgsyrka. Dei sentrale avtalane er fulle av gode intensjonar, men der står lite konkret om løysingar utover at dei må finnast lokalt i den einskilde kommunen.

Dersom regjeringa vil slå eit slag for kvalitet, kontinuitet og rekruttering i omsorgstenestene, må ein nok ofre ein dråpe eller to frå oljefondet, som vert øyremerka til å heve godtgjeringa for helgearbeid monaleg. Betre ulempedtgjering for helgearbeid, vil trekke arbeidstakarar frivillig mot helg igjen og slik sett bidra til heiltidskultur. Dei sentrale partane klarer ikkje å bli einige om eit tilstrekkeleg løft innanfor dei sentrale rammene for lønnsoppgjera. Staten må derfor bidra.


Kort omtale av einingane:

For detaljert omtale av einingane vert det vist til framlegga frå einingsleiarane.

Helseavdelinga

Driftskostnadene ved helseavdelinga er låge samanlikna med landsgjennomsnittet og Kostragruppe 7 (KG7) Dekningsgraden for legar er låg.


Netto driftsutgift pr. innbyggjar i kroner, behandling og rehabilitering pr. innbyggjar, justert for utgiftsbehov:



Kjelde: Framsikt AS

Sjølv om kostnadene våre har auka noko siste åra, ligg vi framleis lavt.


Legeårsverk pr 10.000 innbyggjarar, funksjon 241:



Kjelde: Framsikt AS

Legedekninga er lav i Sula. Noko av forklaringa er at mange innbyggjarar vel fastlege i andre kommunar av praktiske og forstælelege grunnar. Sett frå fagleg side, kan dette vere utfordrande, spesielt ved behov for øyeblikkeleg hjelp, då legane våre då vil ha mangelfulle journalopplysningar.

Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta:



Kjelde: SSB

Fysioterapidekninga er også låg i Sula kommune, noko som vert opplevd problematisk når ein skal prioritere førebyggande arbeid og meir heimrehabilitering. Like prekært opplevast kapasiteten innan ergoterapi. Kvardagsrehabiliteringsprosjektet og førebyggande besøk til eldre har for knapp kapasitet.

Helsestasjonen har no flytta ned. Det er løyvd midlar til naudsynt oppgradering av 2. etg. Arbeidet vert utført ila hausten. Vi får plass til fleire legar, kontor til leiar, skiftestue nr 2, lab nr 2 og betre fasilitetar for pasientar og pårørande.

Samarbeidet med nabokommunane om legevakt har utvikla seg fint. Nye og moderne lokale er tekne i bruk. Sist men ikkje minst vil nye romslege lokale bety mykje for brukarane av legevakta. Vi ser derre ein kostnadsvekst utover deflator. Denne skuldast hovudsakleg eksterne tilhøve som t.d. skjerpa krav i akuttmedisinforskrifta til beredskap og auka kostnader med nødnett.

Då legevakta flytta inn på Ålesund lokalmedisinske senter vart samstundes eit nytt interkommunalt samarbeid starta opp, interkommunal ØHD-avdeling. Sula deltar i samarbeidet med tilsvarande 1 seng og vi innfrir med det plikta vi er pålagt om å tilby ØHD til innbyggjarane våre. Interkommunalt samarbeid gjer at storleiken borgar for eit fagleg sterkt tilbod, med god kompetanse, god bemanning og god lededeckning. Dette er viktig for at tilbodet skal bli oppfatta som trygt av både fastlegane som skal legge inn pasientar og brukarane som skal få tilbod der. ØHD må bli vurdert og opplevd som eit reelt alternativ til sjukhusinnlegging. Fleire innbyggjarar frå Sula har alt nytta det nye tilbodet. Tilbakemeldingane er gode.

Presset på fastlegane er stort og det blir derfor foreslått å opprette ein ny heimel for fastlege. Kostnaden med dette blir ikkje stor, då helseavdelinga meiner det vil vere kapasitet i dagens hjelpepersonellstab til å sørve ein lege til. Det som vil koste er frikjøp i inntil 20% til offentlege oppgåver. Dette behovet aukar også i takt med veksten i barnetalet og krav til obligatorisk vegledning av LIS-legar (LIS= legar i spesialisering, tidlegare turnuslege).


Vi er vidare underretta om at ein av dei faste legane vil pensionere seg ila 2019 og at vi derfor må rekruttere 2 fastlegar.

Takstoppjeret for fastlegar er ikkje i hamn, sjå omtale ovanfor under statsbudsjettet. På sikt vil dette kunne føre til auka kostnader for kommunen.

Helseavdelinga ser fram til neste år med drift i oppgraderte lokale.


NAV

Netto driftsutgift til økonomisk sosialhjelp pr. innbyggjar 281:



Kjelde: Framsikt AS

Andel sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarane 20-66 år:



Kjelde: Framsikt AS

NAV Sula har god måloppnåing når det gjeld å få fleire avklart til arbeid og aktivitet og færre på stønad. Dette ser

vi tydeleg på utbetalingane av sosialhjelp, som er låge samanlikna med andre. Vi ser at det er få personar i arbeidsfør alder som mottar sosialhjelp og dei er kort tid inne i systemet.

Utfordringar komande år blir å følgje opp flyktingane som har kome og ev nye flyktingar kommunen måtte få som familiesameining. Det er mindre sannsynleg at Sula kommune blir oppmoda om å busette nye flyktingar neste år vurdert ut frå signala IMDI har gitt til no. Sula lukkast godt med integreringsarbeidet for tida.


I rådmannen sitt framlegg er det budsjettert med inntekter og utgifter for å følgje opp dei flyktingane vi har. I tillegg har vi teke høgd for inntil 10 nye personar. Utgiftene blir regulert i samsvar med oppgåvane/inntektene.

Regelverket for arbeidsavklaringspengar vart stramma inn fom 2018 og vi ser no tendensar til auka press på kommunale tenester, gjerne i form av økonomisk sosialhjelp og auka bruk av KVP.

Lokala til NAV er som kjent heilt sprengt. Planlagt for 9 tilsette, i dag er dei 17. Det må finnast løysingar på kort og lengre sikt.


Omsorgstenestene (Sulatunet, heimetenesta og bukollektiva)

Netto driftsutgift pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta, behovsjustert:



Kjelde: Framsikt AS


Netto driftsutgift pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta, behovsjustert, M&R fylke:



Kjelde: Framsikt AS

Vi ser at kostnadene til pleie- og omsorg kryp sakte oppover. Hovudårsaken til det er nok dei mange kostnadskrevjande tiltaka vi har sett i verk for å gi eit forsvarleg tilbod til einskildbrukarar i Bu- og aktivitetstenesta. Vi ligg no over KG7, men framleis under landet, fylket og kommunane Giske og Ålesund. Det er berre fire kommunar i fylket som brukar færre koner pr. innbyggjar enn Sula når ein korrigerer for berekna utgiftsbehov.

Andel plassar i institusjon og heildøgnsbemannata bolig i prosent av bef. 80+:



Tabellen syner at Sula kommune har svært lav dekning av bustadar med heildøgns bemanning sett i forhold til tal personar over 80 år pr januar 2016

Samhandlingsreforma, medisinsk-teknologisk utvikling, nye oppgåver og rettigheter og stram sjukehusøkonomi fører til auka press på tenestene, jf. omtale av utfordringar ovanfor. Alle omsorgseiningane merkar dette, men presset er nok aller størst på heimetenestene. Resultatet blir hardare prioriteringar og knappare utmåling av tenester. Prioritering av utskrivingsklare pasientar går ut over heimebuande som har behov for rehabiliterings- eller avlastningsopphald ved korttidseininga ved Sulatunet. Slike opphald er avgjerande for at personar kan

vedlikehalde ferdigheter og funksjonar lengst råd, slik at dei kan nå måla sine om å få bu lengst muleg heime.

Opninga av Molværsvegen 17 letta trykket på heimetenestene noko. Auka tilbod til personar med demens med 10 nye plassar gjer at vi no har fått gjenopprettet balansen i tiltakskjeda til denne sårbare pasientgruppa.

Korttidsavdelinga opplever lette og det same gjer heimetenestene. Tiltakskontoret har opplevd mindre press og færre henvendingar frå brukarar og pårørande til personar med demens som har det vanskeleg.

Ansvaret for privatavllasting er aukande. Det er krevjande å rekruttere nye avlastingsfamiliar, noko som vil føre til at vi må vurdere å utvide tilboden om avlastning i institusjon, Geilneset 9. Vi ser nye brukarar som vil søke om avlastning ila 2019. I budsjettframlegget er det ikkje funne rom for slik auke.

Behovet for BPA aukar òg sterkt og et blir bedt om midlar til dette. Rådmannen har ikkje funne rom for slik auke.

Alle einingane ber om fleire stillingar, langt meir enn rammene gir rom for. Rådmannen har ikkje funne rom for å styrke omsorgseiningane med nye stillingar komande år.

Bu- og aktivitetstenesta (BUA)

BUA er den klart største eininga i kommunen, målt etter tal årsverk, med om lag 75 årsverk pr. 2018. Det er nye brukarar, hovudsakleg finansiert av storbrukarordninga, som har stått for veksten. Slik blir det òg i 2019. Ein brukar har etter tilsyn frå Fylkesmannen fått utvida vedtaket sitt og auken er med i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Veksten og dei nye brukarane med auka behov for spesialisering, gir oss utfordringar med omsyn til rekruttering, kompetanse og organisering og det uløyser behov for nye og meir tenlege bustadar med gode personalbasar.

Mangelen på tenlege bustader til personar med krevjande åtferd er ei stor utfordring. Resultatet blir ei vanskeleg drift og eit ikke optimalt tilbod til dei brukarane det gjeld og til naboor. Sula kommune har nyleg fått avvik i tilsynssaker frå Fylkesmannen der utilfredsstillande bustadtilhøve er ein del av årsaksforholdet. I slike tilfelle må det ofte kompenserast med å bruke meir personell for å kunne gi forsvarleg tilbod. Rådmannen har sett av midlar til tomt, prosjektering og byggekostnader i framlegget.


Rekruttering av kvalifisert personell er ei stor utfordring. Ved gjennomføring av tvangsvedtak, er det lovkrav om at høgskuleutdanna personell skal vere til stades. Dette kravet strevar vi med å etterkome og må stadig søkje dispensasjoner. Vi har likevel lukkast noko betre siste tida med å rekruttere vernepleiarar.

Då mange brukarar får tilbod på dagtid av andre, blir arbeidstidsordningane i butenesta ofte ugunstige med mykje kvelds- og helgearbeid. Resultatet blir lett mange små stillingsbrøkar med påfølgande rekrutteringsvanskar og ikke optimal kvalitet i tenestetilboden. Det er innført turnusordning med bruk av langvakter. Ein har no gjort seg erfaringar. I grove trekk kan vi seie at vi har lært at langvakter fungerer fint i nokre bogrupper, men i grupper med brukarar med krevjande åtferd må vi kanskje revurdere langturnus. Det er tid for evaluering.

Molvær senter er enno i innkøyringfasen. Ny kommunal hjelpemiddelsentral i underetasjen er starta opp. Det er tatt høgd for noko utrusting av dei nye lokala og tilpassing til ny drift. Det er stort behov for ei betre logistikkløysing for hjelpemiddelhandteringen, men den må utgreiaast meir og må vente.

5. Teknisk sektor

Dei tekniske tenestene i Sula kommune omfattar plansaker, byggesakshandsaming, oppmåling, eigedomsforvalting, veg, vatn, avlaup, slam, renovasjon, feiring, brann og redning. Tenestene er organisert i tre driftseiningar og ei avdeling for brann- og redning.



Mål for teknisk sektor er å tilby kvalitativt gode tenester til alle brukarar (innbyggjarar) eller driftseiningar (til dømes skule, barnehage eller andre kommunale institusjonar) så rasjonelt som mogleg med ressursane som er tilgjengelig.

Uf ordingane innan teknisk sektor er også kommande år knytt til veksten Sula kommune har hatt i folketal, høg byggeaktivitet og gjennomføring av større investeringar. Konkrete eksempel er planlegging av ny skule for midtre Sula og felles avløpsrenseanlegg saman med Ålesund kommune.

Lovgrunnlag

Teknisk sektor har ansvar for eit vidt spekter av tenester og saksutgreiing. I tillegg til kommunelova og forvaltingslova er det mange særlover og forskrifter som skal leggjast til grunn. Eit utval av dei mest sentrale lovane er som følgjande:

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Lov om eierseksjoner (eierseksjonsloven)
- Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova)
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om vegar (veglova)
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)
- Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven).
- Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen
- Lov om husleieavtaler (husleieloven)
- Lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)

Oversikt over ressursar

Oversikt over stillingsressursar vert normalt gitt i budsjett og årsmelding. Teknisk sektor hadde i 2018 ein samla ressurs på ≈33,4 årsverk. I løpet av 2018 vart stilling som brannsjef utvida til 100% medan prosess med omorganisering av reinhald i Sulahallen vart gjennomført med sikte på kjøp av reinhaldstenester. På grunnlag av dette er samla stillingsbudsjett justert ned med 0,45 årsverk til ≈33,0.

Brann og ulykkesvern skiller seg framleis klart ut med mange svært små delstillingar sjølv om leiarstilling er utvida til 100%. Gjeldande brannordninga for Sula legg til grunn at det skal være minimum 22 mannskaper, men samla

utgjer stillingsressursane under eit årsverk. Sula kommune kjøper tenester frå Ålesund brannvesen og det interkommunale brannvesenet dels for å løyse oppgåver og dels for å møte krav i gjeldande brannordning. Nye Ålesund kommune har varsle oppseiling av alle avtaler og eventuelle forhandlingar om nye avtaler vil verte gjennomført i 2019. Resultat av eventuelle forhandlingar vil påverke organiseringa vidare.

Driftseining for eigedom tek som nemnt siktet på å kjøpe reinhaldstenester for Sulahallen frå 2019. Kjøp av reinhaldstenester er vurdert som fordelaktig på sikt i høve organisering og økonomisk. Innsparing var i utgangspunktet tenkt å finansiere etablering av vakt/beredskapsfunksjon for kommunale bygg (tilsvarende teknisk vakt veg/vatn/avlaup), men auka kostnadene på grunn av utviding av byggareal utan tilsvarende auke i driftsramma gjer det vanskelig å etablere vakt/beredskap som planlagt.

TEKNISK SEKTOR:	2019		2018	2017	2016	2015
	Budsjettt inklusive nye tiltak					
SUM	32,926	33,376	32,230	32,230	30,561	
Administrasjon (leiing)	5,000	10,000	9,000	9,000	9,000	
Ingeniørar, kommunalteknikk og eigedomsdrift	6,000					
Driftspersonell (vaktmeister/veg, vatn og avlaup)	15,200	15,200	14,200	14,200	12,730	
Brann (mannskaper)	0,726	1,176	1,030	1,030	0,966	
Reinhald, sulahallen	0,000	1,000	1,000	1,000	0,865	
Bygesak/oppmåling (sakshandsaming)	4,000	4,000	5,000	5,000	5,000	
Plan/miljø (sakshandsaming)	2,000	2,000	2,000	2,000	2,000	

Stillingsressursar fordelt på driftseinings/avdelingsnivå	2019 Inklusive nye tiltak	2018	2017	2016
Administrasjon, sektornivå:				
SUM	1,000	1,000	1,000	1,000
Plan, bygesak og oppmåling				
SUM	7,000	7,000	7,000	8,000
Administrasjon, leiing av driftseining	1,000	1,000	1,000	1,000
Bygesak	2,000	2,000	2,000	3,000
Tilsyn	0,000	0,000	0,000	0,000
Plan	2,000	2,000	2,000	2,000
Oppmåling	2,000	2,000	2,000	2,000
Eigedomsforvalting				
SUM	13,200	14,200	14,200	12,200
Administrasjon, leiing av driftseining	1,000	1,000	1,000	1,000
Administrasjon/ingeniører	2,000	2,000	2,000	1,000
Arbeidsleiing/vaktmeistrar	8,000	8,000	8,000	7,000
Park/kyrkjegardsdrift	2,200	2,200	2,200	2,200
Reinhald (Sulahallen)	0,000	1,000	1,000	1,000
Tekniske tenester				
SUM	10,000	10,000	10,000	10,000
Administrasjon, leiing av driftseining	1,000	1,000	1,000	1,000
Administrasjon, ingeniører	4,000	4,000	4,000	4,000
Arbeidsformann/utearbeidrarar	5,000	5,000	5,000	5,000
Brann og ulukkesvern				
SUM	1,726	1,176	1,176	1,030
Administrasjon, leiing	1,000	0,450	0,450	0,200
Mannskaper	0,726	0,726	0,726	0,830
Totalt:	32,926	33,376	33,376	32,230

Dei økonomiske rammene for teknisk sektor er som følgjande :

Driftsbudsjett og økonomiplan (alle beløp i kroner)	Budsjett vedtatt 2018	Budsjett forslag 2019	Økonomiplan forslag 2020	Økonomiplan forslag 2021	Økonomiplan forslag 2022
Kommunalteknikk og Egedom	22 619 714	22 218 716	22 080 716	22 080 716	22 080 716
Plan, byggesak og oppmåling (PBO)	3 189 001	4 228 925	3 308 925	3 308 925	3 308 925
Vatn, avløp, renovasjon, slam og feiing	-12 343 895	-17 576 999	-16 709 622	-16 576 999	-16 866 999
Sum rammer, teknisk sektor:	13 464 820	8 870 642	8 680 019	8 812 642	8 522 642

Endringer lagt inn i rammer:					
Kommunalteknikk, føring av lønnskostnader på investeringsprosjekter		-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Egedom, føring av lønnskostnader på investeringsprosjekt		-836 000	-836 000	-836 000	-836 000
Brann og redning, auka avgift til 110-sentral		74 000	74 000	74 000	74 000
Brann og redning, auka avgift til DIB		138 000			
Brann og redning, stillingsauke vedteken 2018		400000	400000	400000	400000
PBO, områderegulering Veddevika		270000			
PBO, detaljregulering Mikalvegen (Rørstad)		250000			
PBO, områdeplan Langevåg sentrum		400000			

Budsjettrammer frå 2018 er lagt til grunn med justering for føring av lønnskostnadar på investeringsprosjekt i driftseiningane Egedom og Kommunalteknikk. Justeringa er gjort ut frå omfang på planlagte investeringar i åra framover. Ny vurdering på bakgrunn av planlagte investeringar må gjerast for kommande budsjett vidare.

Helse, miljø og tryggleik

Teknisk sektor har eit variert arbeidsmiljø med store skilnader mellom driftseiningane. Arbeidsmiljø knytt til drift innan kommunaltekniske anlegg, drift av bygg og oppgåver innan brann er klart mest krevjande. Oppgåvene medfører mellom anna eksponering for kjemikalia, gass, bakteriar/virus, fallskader og klemeskadar. Alt driftsrelatert personell skal følgast opp med helsekontroll og vaksinering for dei som arbeider med sanitær/avlaupsanlegg. Tiltaksplan for HMT i 2019 vert å sette opp i samarbeid med bedriftshelsetenesta Medi3.

Samla sjukefråvær i teknisk sektor er ikkje spesielt høgt, og under målet på 8% på årsbasis. Som tidlegare år verkar enkeltilfelle av langtidssjukefråvær sterkt inn i einingane og det vert arbeidd med tiltak og tilrettelegging så langt praktisk mogleg.

Sjukefråver teknisk sektor (tal i %)					
Organisasjonseining:	2018 01.01-06.11	2017	2016	2015	2014
Kommunalteknikk, adminstrasjon og fellesstyring	0,39	0,68	0,3	3,0	4,3
Kommunalteknikk, utesyren	3,47	2,35	2,6		
Kommunalteknikk samla	1,97	1,36	1,5		
Eigedom, adminstrasjon	0,00	2,15	0,0	3,0	4,3
Eigedom, drift	10,28	2,80	9,5		
Eigedom, samla	8,11	2,68	7,9		
Plan, byggesak og oppmåling	4,44	9,56	6,3	3,0	4,3
Samla sjukefråvær teknisk sektor (%)	4,93	3,42	5,3	3,0	4,3

Analyse av drift og kostnadsnivå

Det er eit kontinuerlig fokus på forbeting av drifta i einingane. Generelt vert drifta vurdert som nøktern og god. Det har i tilknyting til arbeidet i utvalet «Arbeidsgruppe for reduksjon av driftsutgifter» vært innhenta rapportar og vurderingar som støtter opp om denne vurderinga når det gjeld teknisk sektor samstundes som det er peika på område som bør vurderast nærmare. Av konkrete oppfølgingstiltak er det sett opp sjølvkostkalkyle for plan og byggesakshandsaming og endra rutiner for reinhald av enkelte bygg. Brann og redningstenesta er i tillegg vurdert og samanlikna med andre kommunar. I høve plan og byggesak vart gebyr vurdert og heva ut frå ei vurdering av nivå i kommunane i Ålesundregionen.

Kostra tal for 2017, som er nyaste statistikk basert på rekneskapstal, viser samme bilet som for 2016. Utslag av tiltak innan plan og byggesak vil verte evaluert saman med rekneskap for 2018.

